



## Boklov for dei store

Skald forlag: Boklova gjer ikkje nok for jamstillinga i bokbransjen

SIDE 10-13



## Ytringsfridom utan nynorsk

Åse Wetås meiner det er oppsiktsvekkande at rapporten om ytringsfridom ikkje tematiserer nynorsk.

SIDE 18-19



## Digitaliseringa gir meir bokmål

– Nynorskelevar møter mindre nynorsk i skulekvardagen sin. Dette påverkar statusen til nynorsken og sjølvstillingen til elevane, meiner fungerande leiar i Noregs Mållag, Synnøve Marie Sætre

SIDE 2-3, 8-9, 16-17, 25

# Norsk Tidend

medlemsblad for Noregs Mållag

nr. 4

oktober 2022



# Feil i referat stoppa tiltak for nynorsk

Stavanger kommunestyre vedtok ei rekke tiltak for å styrkja nynorsken i byen. Men på grunn av feil i møtereferatet har ikkje tiltaka blitt gjennomførte likevel.

Side 4-7

Illustrasjon: Audun Skjervøy

## Om pride og Norsk Tidend

**NT** Det har kome dels sterke reaksjonar frå enkeltpersonar på saka om bygdepride, trykt i utgåve 3/2022 av Norsk Tidend. Førre redaktør, Anita Grønningsæter Digernes, har ikkje lenger høve til å kommentere dei avgjerdene som er gjorde. Derfor er dette nokre generelle kommentrar til saka.

**NT** Ein må gjerne kome med kritikk av *Norsk Tidend*. Me set pris på engasjement og er glade for at folk les avisa. Me jobbar for at avisa skal halde høg kvalitet og vere dagsaktuell. Samstundes er me opptatte av å vere medvitne historia og tradisjonane til målrørsla, og formidle dette når det høver seg. Når noko ikkje held mål, vil me gjerne høre det.

**NT** Bygdepride i Volda og Ørsta er eit arrangement der Nynorsk kultursentrum og Aasentunet er viktige arrangørar. Når viktige nynorsk-institusjonar arrangerer noko, har det nyheitsverdi for nynorskbrukarar. Det ville vore unaturleg ikkje å vere til stades og dekke eit så stort arrangement i regi av Nynorsk kultursentrum og Aasentunet.

**NT** *Norsk Tidend* har full redaksjonsell fridom, og blir styrt etter Redaktørplakaten og Ver-varsam plakaten. Noregs Mållag finansierer avisa, og det er meint som eit informasjons- og medlemsorgan for organisasjonen. Noregs Mållag har likevel ikkje direkte påverknad på kva saker som blir eller ikkje blir trykte i avisa.

**NT** Omkring 500 000 nordmenn reknar nynorsk som sitt språk. Målrørsla er like mangfaldig som folk flest. For *Norsk Tidend* er det derfor viktig at alle skal finne noko interessant i bladet. Men det er ikkje eit mål at alle skal like eller vere samde i alt, heile tida.

VEMUND NOREKVÅL KNUDSEN

### Utgjeven av Noregs Mållag

Avisa blir redigert etter Redaktørplakaten.

**Tilskrift:** Lilletorget 1, 0184 OSLO

**Redaktør:** Vemund Norekvål Knudsen

### I redaksjonen:

Hege Lothe, Erik Grov

**Heimeside:** [www.nm.no](http://www.nm.no)

**Abonnement:** 250 kroner per år

**Utforming:** Audun Skjervøy, Språksmia AS  
smia@spraksmia.no

**Manglande språkleg medvit hjå**  
dei som sit med makta, får alvorlege konsekvensar for nynorskelevane, for nynorsken. Skal ein fremje nynorsk, slik språklova seier, må nynorsken kome fram i pannebrasken på politikarane våre.

# Hugs: Nynorsk

**TIDLEGARE I HAUST** kunngjorde kunnskapsminister Tonje Brenna at ho vil utarbeide ein digitaliseringssplan for skulen. Ho meiner at dersom ein skal gjere endringar i skulen, må ein vite om det er til barnets beste eller ikkje. Difor må det lagast ein plan for digitaliseringa i skulen. Ein slik plan er det verkeleg behov for, for det digitale frisleppet i skulen har gått hardt utover nynorskelevane og har slettes ikkje vore til beste for nynorskborna.

**PÅ RELATIVT KORT** tid har læremiddelsituasjonen i norsk skule endra seg mykje, og tanken om at det digitale fører til betre læring, har fått rå. Ein kjem ikkje unna det digitale, men i digitaliseringsiveren har ein mist noko på vegen. For kva med språket? Om ein lærer best med ei lærebok, eit nettbrett eller ein kombinasjon av desse, vert likegyldig når ein ikkje får opplæring på sitt eige språk. Datamaskinane, nettbretta og appane har fylt nynorske klasserom med bokmål, og for nynorskelevane si språkopplæring er det ein katastrofe. Det seier seg sjølv: Skal ein lære seg eit språk, må ein eksponerast for det. Skal ein lære seg nynorsk, nyttar det ikkje å vere overfløymd av bokmål.

**NÅR KUNNSKAPSMINISTEREN NO** set ein fot i bakken og lovar ein plan for digitaliseringa i skulen, må språkperspektivet vere med. Skal kunnskapsministeren ta nynorskelevane på alvor, ta nynorsken på alvor, må ho stille seg spørsmålet om kva for språkpolitiske konsekvensar digitaliseringa i skulen har og har hatt, og korleis ein

**NT LEARTEIGEN**



SYNNØVE MARIE SÆTRE  
*Fungerande leiar i Noregs Mållag*

kan sikre at nynorskelevane kjem like godt ut av det som bokmålselevane. Eg håper ho har ein gul lapp klistra på toppen av dataskjermen der det står «Hugs: Nynorsk!»

**DET ER MANGE** som støttar saka vår. Medlemsalet vårt har berre gått oppover i mange år, og haldningane til nynorsken verkar å vere meir positive enn tidlegare. Det er rett og slett mange som vil nynorsken vel, og me har medvind på mange frontar. Ei stor utfordring i målarbeidet er likevel at sjølv om mange vil vel, er det språklege medvitet ofte ikkje til stades. Tenk om nokon på toppen hadde tenkt på dei språkpolitiske konsekvensane då nettbretta for alvor byrja gjere inntog i klasseromma. Tenk om nokon hadde stoppa opp og stilt krav den gongen. Det hadde vore noko, men det kan verke som om mange har vanskeleg for å sjå at språkfeltet femner så vidt som det gjer. At mange avgjører som vert tekne og utgreiingar som vert gjorde, faktisk har store konsekvensar for språket sjølv om det ikkje nødvendigvis handlar direkte om språk.

Kan du tinga fleire av  
denne typen til meg?  
**TAKK!**  
**Synnøve**

Illustrasjon: Kjartan Helleve

**15. AUGUST LA** ytringsfridomskommisjonen fram NOU-en *En åpen og opplyst samtale*, og igjen vart me vitne til manglande språkleg medvit. Mandatet til kommisjonen har vore å greie ut dei sosiale, teknologiske, juridiske og økonomiske rammene for ytringsfridom i dagens samfunn, og det er mange problemstillingar knytt til nynorsk som hadde vore opplagde å ta med i ei slik utgreiing.

**HADDE KOMMISJONEN HATT** det språklege medvitet på plass, burde dei sjølv sagt ha skrive om at det er problematisk for ytringsfridomen at tilgangen til ei likeverdig språkopplæring i skulen ikkje er på plass. At utviklinga av språkteknologi på nynorsk ligg bakpå. At målbytet frå nynorsk til bokmål er så stort som det er. At därlege språkhaldninga vert reproduserete. At det framleis finst riksaviser med forbod mot nynorsk på redaksjonell plass. Og at norsk fagspråk, særleg nynorsk, ikkje er sikra god nok utvikling. Men dei skriv ikkje om dette. Det einaste konkrete dei skriv om nynorsk, er at ein treng eit mangfoldig litteraturtilbod. Det treng me sjølv sagt, men me treng at nynorsken vert hugsa på i så mange fleire samanhengar.

**DET ER OPENBERT** langt fleire enn kunnskapsministeren som burde hatt ein lapp med «Hugs: Nynorsk!» på lett synleg. Då språklova vart vedteken, med føremålsparagrafen som seier at det offentlege har eit særleg ansvar for å fremje nynorsk, var me i Mållaget klare på at det må føre til ein meir offensiv språkpolitikk. I merknadene til føremålsparagrafen er det slått fast at dette «[...] lovfestar eit prinsipp om

å vurdere situasjonen for nynorsk som mindretals-språk spesielt – til dømes i politikkutvikling eller regelverkspraktisering som gjeld norsk språk». Om ikkje dette akkurat er ein gul lapp klistra opp lett synleg, så er det noko som slår fast at mange pliktar å hugse på nynorsken i alle samanhengar der det er relevant. Det skal me sørge for at dei ikkje gløymer.

*Om ein lærer best med ei lærebok, eit nettbrett eller ein kombinasjon av desse, vert likegyl dig når ein ikkje får opplæring på sitt eige språk.*

Eg er nok ein av dei få privatpraktiserande legane i Gudbrandsdalen som brukar nynorsk som skriftspråk ved legekontoret.

**Lækjar Odd Kåre Haugøy**

– Det eneste minnet jeg har av russetiden er Landstreffet. Pluss at jeg møtte opp full på nynorsk-eksamen, skrev én setning og den var ikke nynorsk engang.

**Ramón til 730.no**

Tanken var å laga eit avsnitt fullt av oppstylta visvasord, for å visa fram jåleorda Aftenposten presenterte. Då gjorde eg ei rar oppdaging. Det lét seg ikkje gjera å skriva eit slikt avsnitt på nynorsk. Denne målforma har nemleg eit innebygd bullshit-filter i seg. Hurra!

**Heidi Hjorteland Wigestrøm i Stavanger Aftenblad**

– Slik sett har kanskje nynorsken fleire fordelar fordi den var meir basert på dialektane våre frå byrjinga. Det er dei norske dialektane som er språkgullet vårt.

**Skodespelar Pål Sverre Hagen til NPK**

– Arna bydel er nynorskbydelen i nynorskbyen Bergen og nynorskfylket Vestland.

**Brit S. Fosse Reigstad og Arild Reigstad i Bygdanytt**

Norge trenger et mangfoldig litteraturtilbod, både på nynorsk, bokmål og de ulike mindretalls- og minoritetsspråkene i Norge.

**Frå rapporten til Ytringsfridomskommisjonen**

Karpe har blitt allemannsie. Noe man skal få med seg. [...] Som 17. mai-toget, Ivar Aasen, Maskorama og havregrot.

**Gabriel Aas Skålevik i VG**

Det er noe spesielt med Kjartan Fløgstad sine utgivelser. Hadde bare skolen gitt meg bøkene hans, hadde nynorsk timene gått mye lettere.

**Simen Ingemundsen på Randaberg24.no**

Nynorsk gjør meg trist  
**Olivia Dybwik, 14, til Våganavisa**

Nynorsk kan jeg ikke ta på alvor. Disse folka har ikke sett et lyskryss engang.

**@Dulterbiomer på Twitter**

å bli voksen er å innse kor vakkert nynorsk egt er  
**@EmmaKVK på Twitter**

Stavanger kommunestyre vedtok ei rekkje tiltak for å styrkja nynorsken i byen. Men på grunn av **feil i møtereferatet** har ikkje tiltaka blitt gjennomførte likevel.

# Feil i referat stoppa nynorsktiltak i Stavanger

## ETTER KOMMUNESAMANSLÅINGA

skifta Stavanger kommune frå bokmål til språknøytral. Den 25. november 2019 behandla kommunestyret i Stavanger saka «Målform i nye Stavanger kommune». Her blei det mellom anna vedteke at kommunen skulle styrkja nynorsken i administrasjonen, i skulen og ute i kommunen.

Under diskusjonen i kommunestyret fremja representanten Rune Askeland (MDG) eit tilleggsforslag med 4 punkt for styrking av nynorsken. Sjå faktaboks.

Forslaget fekk røystene til partia Raudt, Ap, Sp, KrF, Venstre og MDG. Desse partia har til saman 35 representantar og ein treng 34 for fleirtal.

I protokollen er det derimot skrive at forslaget fekk 28 røyster. Feilen blei meldt vidare til politisk sekretariat.

– Me har sett oss inn i saka og ser at det har skjedd ein teljefeil frå vår side. Det er ein menneskeleg feil, seier Hanne Navdal Vatnaland, avdelingssjef ved politisk sekretariat i Stavanger, til *Norsk Tidend*.

Dersom eit parti ikkje røystar samla for eit forslag, er det vanleg praksis å presisera med namn kven som røysta for kva. I protokollen er ikkje dette spesifisert, noko som tyder på at alle representantane i partia har røysta for forslaget frå Askeland.

– Kan du presisera kva det er som er talt feil? Er det kva representantar som røysta for, eller er det kva parti som har røysta for forslaget?

– Det er ein teljefeil. Summen av mandata til partia som røysta for forslaget, er feil. Me har sjekka at det ikkje var nokon som mangla i salen, og at det ikkje var vararepresentantar som ikkje hadde møtt opp. Det var det ikkje. Det må seiast at det er strenge reglar på at ein ikkje skal forlata salen under voting, svarer Vatnaland.

## SPRÅKET

NT Stavanger, Rennesøy og Finnøy slo seg saman etter at det vart fleirtal for samanslåing i folkeværingar i dei tre kommunane.

NT Stavanger var tidlegare bokmåls-kommune. Rennesøy med 4847 innbyggjarar (2019) var nøytral, men har om lag 25 % nynorsk-brukarar. Finnøy med 3150 innbyggjarar (2019) var nynorskkommune.

Vedtaket om å bli språknøytral var eit kompromiss mellom dei tre kommunane.

I intensjonsavtalen vedteken av alle tre formannskapa, står det mellom anna at nynorsken skulle styrkjast i den nye kommunen.

– Så tilleggsforslaget frå Askeland skulle hatt fleirtal?

– Det stemmer.

– Er resten av protokollen frå møtet 25.11.2019 rett?

– Resten av protokollen er rett.

Det er berre akkurat forslaget frå Askeland som er summert feil.

– Kva konsekvensar har dette fått for nynorsk arbeidet i kommunen?

– Det har betydd at tilleggsforslaget frå Askeland ikkje er del av det samla fleirtalsvedtaket. Så lenge protokollen har vore feil, har ikkje kommunedirektøren agert. Det skulle han ha gjort, dersom protokollen var riktig.

– Får dette politiske eller juridiske følgjer?

– Protokollen frå eit møte blir

godkjent av kommunestyret på det etterfølgjande møtet. Dermed har me ikkje moglegheit til berre å gå inn og endra protokollen. Me kjem derfor til å leggja fram protokollen til ny godkjenning, med endring om at forslaget frå Askeland har fleirtal. Det betyr at kommunedirektøren må følgja opp saka, tre år for seint. Det er det dokumentet som er feil, som må rettast opp i, me treng ikkje behandla heile saka på nytt.

– Er det andre protokollar som vil sjekkast for feil?

– Me korrigerer berre denne, då me ikkje er kjende med andre feil.


– Kven er det som har ansvar for at møteprotokollane er rette?

– Protokollane blir underskrivne av ordførar og leiar av politisk sekretariat. Deretter blir han godkjend politisk av kommunestyret, svarar Vatnaland.

## Ønskte meir nynorsk

Før kommunesamanslåinga var fleirtalet av kommunane i Rogaland nynorskkommunar. Dette medførte at fylkesdirektøren hadde nynorsk som tenestespråk.

Etter Finnøy gjekk inn i Stavanger og Forsand inn i Sandnes, mista Rogaland to nynorskkommunar. Når Stavanger i tillegg blei



**PARTIET RØYSTA FEIL:** Eirik Faret Sakariassen ønskte eit nynorsk Stavanger. Men i saka om målform i Stavanger røysta SV feil ved eit uhell.

Foto: Stavanger SV

nøytral, er fleirtalet av kommunane i Rogaland språknøytrale. Dermed er ikkje fylkesdirektøren lenger plikt til å nytta nynorsk som tenestespråk. Det frykta mellom anna SV at ville bety ei svekking av nynorsken.

SV føreslo i 2018 at Stavanger skulle bli nynorskkommune etter samanslåinga. Argumentet gjekk mellom anna på at Stavanger burde ta ansvar for å styrkja nynorsken i Rogaland og på Vestlandet. Dei har likevel ikkje støtt forslaget til Askeland. *Norsk Tidend* har snakka med Eirik Faret Sakariassen, gruppeleiar i SV og leiar for Utval for oppvekst og utdanning.

## FORSLAGET

■ Forsлага frå Askeland var som følgjer:

- «1. Det bør leggjast betre til rette for foreldre som ønsker å opprette språklege parallelklasser, medrekna å hjelpe foreldre som ønsker og samtykkjer til kontakt med andre foreldre.
- 2. Kommunestyre oppmodar komunedirektøren om å fremja saker til kommunestyret på nynorsk. Kommunestyresaker frå Finnøy skal så langt som råd skrivast på nynorsk.

■ 3. På skular som har nynorsk som hovudmål, skal det ved utlysing av ledige stillingar gjerast klart at skulen har nynorsk som hovudmål og at denne målforma er eit spesielt satsings- og ansvarsområde for skulen.

■ 4. Dei kommunale barnehagane i dei nynorske skulekrinsane bør bruka nynorsk både som administrasjonsspråk og så mykje som mogeleg i tekstar dei brukar i det daglege livet med ungane.»

## Tiltak i administrasjonen

Trass i protokollfeilen har administrasjonen gjort eigne tiltak for å styrkja nynorsken hos dei tilsette. *Norsk Tidend* har snakka med kommunikasjonsavdelinga i Stavanger kommune.

– Kommunen har eit mål om at 20 % av innlegg i sosiale medium og 20 % av nyhetene på heimesida skal vera på nynorsk. Vi oppmodar og motiverer tilsette til å skriva meir nynorsk. Dei siste åra har vi tilbydd fleire kursrekker for tilsette som ønsker å skriva nynorsk, både grunnkurs i klarspråk og eigne skrivekurs for saksbehandlarar. Dei neste kursa går i november, seier Marianne Jørgensen, kommunikasjonssjef i Stavanger kommune, til *Norsk Tidend*.

Ei oversikt frå kommunedirektøren i januar i år viser at målet i sosiale medium er nådd. Dei andre måla er ikkje nådde endå.

– På sikt skal all informasjon på nettsidene vera tilgjengeleg på både bokmål og nynorsk. Når det er i boks, vil me vera den einaste kommunen i landet som har innbyggjarinformasjon på begge språka, seier Jørgensen stolt.

I tillegg er nynorskroboten frå Nynorsk pressekontor kjøpt inn og installert på alle datamaskinar i kommunen, for å gjera omsetjingar enklare.

– Nynorskroboten gir oss store moglegheiter og har fungert godt, men omsetjingane krev framleis kvalitetssjekk. Det tar derfor tid, men me er nøgde med at me kommuniserer stadig meir på nynorsk, svarar kommunikasjonssjefen.

Det er ikkje eit mål for kommunen å gjera alle saksdokument tilgjengelege på både bokmål og

– Kvifor har de ikke støttet forslaget frå Askeland?

– Eg kan ikkje hugsa nøyaktig denne røystinga lenger. Men

min konklusjon er at me må ha røysta feil, for det er ingenting i forslaget frå Askeland me er i mot. Det har kanskje vore ei litt kaotisk avrøysting. Eg og SV er veldig glade for at forslaget eigenleg fekk fleirtal, svarar Eirik Faret Sakariassen.

– Kven har hovudansvaret for at protokollen er riktig?

– Eigentleg alle, både administrasjon og politikarar. Dette er ei påminning om at me må lesa protokollane nøyne.

*Haldningane omkring  
nynorsk i Stavanger har  
lenge vore fiendtlege.  
Det er faktisk nynorsk-  
brukarar som vel å ikkje  
bruka nynorsk i Stavan-  
gerpolitikken.*

*Bjarne Kvadsheim, leiar i Stavanger Mållag  
og gruppeleiar for Stavanger Senterparti*

## POLTIKKEN I STAVANGER

- Ordførar: Kari Nessa Nordtun (Ap)
- Varaordførar: Dagny Sunnanå Hausken (Sp)
- Innbyggjartal: 144 877 totalt (2022)
- Det politiske fleirtalet etter valet 2019 består av Raudt (4), SV (3), Ap (18), Sp (3), MDG (4) og Folkets Parti FnB (6). Opposisjonen er Venstre (3), KrF (3), Høgre (16), Frp (5), Pensjonistpartiet (1) og ein uavhengig representant (1).
- Ved valet i 2019 fekk Ap ordføraren for første gong sidan 1993.

nynorsk. Stavanger kommunestyre har heller ikkje vedteke krav om at innbyggjarane skal få svar på den målforma dei sjølv bruker. Kvar enkelt tilsett kan nemleg bruka det språket dei ønsker, til kvar tid.

Kommunen har derimot eit mål om å gjera 20 % av stillingsannonsar, brosjyrar og kunngjeringar frå kommunen på nynorsk. Bergen, som også er språknøytral, har til samanlikning vedtatt ein generell nynorsksdel på 10 %.

– Det er gjort store satsingar i administrasjonen og kommunikasjonsavdelinga i kommunen. Under pandemien blei noko av arbeidet nedprioritert, men det er godt i gang igjen no, avsluttar kommunikasjonssjefen.

### Ingen språkbruksplan endå

Ifølgje vedtaket gjort i Stavanger kommunestyre 25. november 2019, skulle Nye Stavanger «jobbe for å styrke nynorsken både i kommunedeladministrasjonen, i skolen og i Stavanger-samfunnet som helhet. De to siste punktene [...] skal følges opp politisk med en egen sak i løpet av 2020.»

Dette er vedtatt igjen i 2020 og 2021. Likevel har ein eigen språk-

politiske plan for nynorsk i skulen og Stavanger-samfunnet latt venta på seg. I Bergen er det til samanlikning sett av 1,7 millionar kroner til målretta tiltak for nynorsken, som tidlegare rapportert av *Norsk Tidend*. Dette var tiltak som var inne i språkbruksplanen til Bergen kommune.

*Norsk Tidend* har etterspurt status på ein språkpolitisk plan i Stavanger.

– Sak om det vidare språkarbeidet er under arbeid og vil vera klar rundt juletider i år. Me vil då koma med forslag til ein heilskapleg plan der nynorsk vil vera eitt av fleire satsingsområde for språk i kommunen. Planen vil vera ferdig behandla og vedtatt politisk tidegast våren 2023, fortel kommunikasjonssjefen.

I januar 2020 melde lokalavisa *Øystposten* at nynorsken var næraust utradert hos innbyggjartorget på Finnøy. På fjerde trinn på ein skule på Finnøy, er det ein rein bokmålsklasse for første gong. Dei påfølgjande åra har det derimot ikkje vore bokmålelevar i Finnøy kommunedel. Den siste nynorskklassen i gamle Stavanger kommune vert lagt ned i 2014.



**VONAR PÅ BETRE TIDER:** Bjarne Kvadsheim (Sp) vonar det blir haldningsendringar til nynorsken i Stavanger med tida.

Foto: Privat



*Me får fleire og fleire sakspapir på nynorsk. Eg opplever også at det blir stadig vanlegare å få svar på nynorsk frå administrasjonen.*

Rune Askeland (MDG)

**FLEIRTALE:** Rune Askeland (MDG) sitt forslag fekk fleirtal. Han håpar på endå fleire tiltak for nynorsk i kommunen. Foto: Stavanger MDG

Bjarne Kvadsheim er leiar i Stavanger Mållag og gruppeleiar for Stavanger Senterparti. Han synest arbeidet med språk og tiltak for nynorsken har gått alt for seint:

– Det har diverre gått alt for treigt. Språkplanen er vedtatt fleire gonger. Når planen kjem så seint, betyr det potensielt at me går i ein heil bystyreperiode utan målretta politiske tiltak for å hindra den utviklinga som har vore ute i kommunen og i skulen dei siste åra. Her har ikkje politikarane levd opp til det me har vedteke, seier Kvadsheim.

#### Partiprogramma utan nynorsk

Norsk Tidend har sett på partiprogramma til dei partia som sit i bystyret i Stavanger i inneverande periode.

SV er det einaste partiet som har valprogram på både bokmål og nynorsk, men nynorsk er likevel ikkje nemnt ein einaste gong i programmet. Det er det heller ikkje hos nokon av partia frå Raudt til FrP.

I den politiske plattforma til fleirtalspartia er heller ikkje nynorsk nemnt.

– Det står ingenting om nynorsk i korkje valprogrammet til

Senterpartiet eller i samarbeidsplattforma de er ein del av. Finst det eigentleg eit reelt ønske om å styrkja nynorsken?

– Når det gjeld partiprogramma og samarbeidsplattforma, så har diverre ikkje nynorsk vore eit tema før no etter samanslänga. Derfor har det vore vanskeleg å få gjennomslag. Haldningane omkring nynorsk i Stavanger har lenge vore fiendtlege. Det er faktisk nynorsk-brukarar som vel å ikkje brukta nynorsk i Stavangerpolitikken.

– Som leiar i Stavanger Mållag har eg forsøkt å rekruttera folk frå fleire parti inn i styret, for å betra påverknaden inn i partia. No har me folk frå Ap, Krf, Sp og Høgre i styret. Dette vonar eg vil hausta resultat når tida kjem, då eg stort sett opplever Raudt og SV som nynorskvenlege, fortel Kvadsheim.

Norsk Tidend spurte også Eirik Faret Sakariassen frå SV same spørsmål.

– Me ønskjer oss ein språkbruksplan, og har venta svært lenge på den. Eg har også forstått at nynorskroben frå Nynorsk pressekontor har vore ein suksess. Den var eg ein av pådrivarane for, seier Sakariassen.

– Stavanger kommune komuniserer meir på nynorsk enn nokon gong. Dette synest eg er bra, og det skulle berre mangla når me skal vera ein språknøytral kommune.

– *Kva ambisjonar har SV for nynorsken framover?*

– Eg vonar me vil sjå fleire nynorskklasser og nynorskelevar også i gamle Stavanger kommune. Det har det vore før, så det er absolutt potensial. Det burde vere mogleg å finna nokre gulrøter for å få fleire til å velja nynorsk. Kanskje haldningskampanjar eller ved å motivera foreldra.

#### Små framsteg

Tidlegare nemnde Rune Askeland er leiar for Utval for miljø og utbygging. Han opplever at haldningane til nynorsk har endra seg sakte, men sikkert dei siste åra:

– Me får fleire og fleire sakspapir på nynorsk. Eg opplever også at det blir stadig vanlegare å få svar på nynorsk frå administrasjonen. Det tar sjølv sagt tid å endre kulturen frå rein bokmål, til også å omfatta nynorsk. Men det er gjort framsteg her, fortel Askeland.

– Med det sagt, så er det tydeleg


at det må bli gjort meir enn no. Det er svært synd at forslaget mitt ikkje er gått gjennom før no på grunn av ein feil. Eg sat i utvalet for Oppvekst og utdanning sist periode, då den siste nynorskklas-sen blei lagt ned. Det var eg i mot. Særleg fordi eg meiner det ikkje var sviktande elevtal eller interesse som var årsaka, men politisk vilje.

Kvadsheim kan fortelja at han også har positive opplevelingar omkring nynorsken:

– Det må bli sagt at ingen har klaga på at eg skriv saksframlegg frå korkje meg sjølv eller på vegner av Utval for kultur, idrett og samfunnsdialog på nynorsk, som eg leiar. Me er det utvalet med høgst nynorskdel, og det er eg stolt over. Eg er også vigslar i kommunen, og har berre fått gode tilbakemeldingar på at eg gjør dette på nynorsk. Folk synest det er veldig kjekt!

VEMUND NOREKVÅL KNUDSEN  
vemund.knudsen@nm.no

**MERKNAD:** Forfattar av artikkelen, Vemund N. Knudsen, er tidlegare medlem i Arbeidarpartiet. Han var mellom anna medlem i nominasjonskomiteen i Stavanger Ap til valet 2019. I dag er han ikkje medlem i noko parti.



Illustrasjonsfoto, NPK

# Rekordtal for nynorskinnhald i Store norske leksikon

I over 100 år var Store norske leksikon (SNL) nesten **berre på bokmål**. Men etter at SNL og Nynorsk kultursentrum gjekk saman om ei satsing, har talet på nynorskartiklar skote i vêret.

**I 2020 INNGJEKK** Nynorsk kultursentrum eit samarbeid med Store norske leksikon. Målet var å auke nynorskinnhaldet i SNL, slik at fleire møter nynorsk i kvardagen.

Som ein del av satsinga vart nynorskleksikonet Allkunne ein del av SNL. No er jobben med å flytte Allkunne-artiklane inn i SNL ferdig, allkunne.no er lagd ned og SNL har 17 500 artiklar på nynorsk.

– Dette er det viktigaste arbeidet stiftinga gjer for å nå 16-åringar med nynorsk som hovudmål og alle andre som treng pålitelig innhald på nynorsk på nett. Våre medarbeidarar har saman med tilsette i Store norske leksikon gått gjennom kvar einaste artikkel, oppdatert innhaldet og gjort dei tilgjengelege for lesarane, seier direktør Per Magnus Finneranger Sandmark i Nynorsk kultursentrum i ei pressemelding.

**Fortener eit stort publikum** Bakgrunnen for samarbeidet var ei semje om at det gode innhaldet frå Allkunne fortente å nå ut til eit breiare publikum, som det gjer i SNL. SNL er Noregs største nettstad for

kunnskapsformidling, med 600 000 lesne artiklar kvar dag. I tillegg var det eit ønske om å eksponere folk for begge dei norske skriftspråka som ein naturleg del av språkmangfaldet vi har her i landet.

– I tillegg er samarbeidet ei sikring av at den nynorske kulturhistoria blir dokumentert, seier Sandmark. Med å ta i bruk både nynorsk og bokmål på alle fagområde i leksikonet styrker vi også norsk fagspråk og terminologi.

## Vil doble talet

Den store auken speglar seg også i lesartala. I år vil det bli lese om lag 3,5 millionar artiklar på nynorsk på snl.no. Ein viktig og sjølvsterkande effekt av samarbeidet er at fleire forfattarar og fagansvarlege no tek initiativ til å skrive på nynorsk. Førebelse analysar viser at det har lite å seie for lesinga av artiklane om dei er skrivne på nynorsk eller bokmål, ifølgje Erik Bolstad, sjefredaktør og dagleg leiar i Store norske leksikon.

Og fleire skal det bli. Framover skal institusjonane jobbe systematisk for endå meir nynorskinnhald i SNL. Målet er å doble talet på nynorskartiklar.

– Kunnskapsformidling på nynorsk er eit viktig satsingsområde for oss, sjølv om vi ikkje lenger driv eige leksikon. Gjennom samarbeidet med SNL skal Nynorsk kultursentrum bidra med dokumentasjon av den nynorske kulturhistoria, artikkelkskriving og språkrettleiing og omsetjing av artiklar frå bokmål til nynorsk, avsluttar Sandmark.

SVEIN OLAV B. LANGÅKER  
LNK



SUPERSTOLTE: Trude og Andreas viser fram det ferdige materialet.

# Dei skal gjer å begynne p

Trude, Turi og Andreas vil **hjelpe førsteklassingane** med ein fisk.

## SAMAN MED KULTURSKULEN

og rektor Trude Skarvatun, har Andreas Macsik og Turi Bruland utvikla laksen Frode, eit verktøy som skal gjøre det enklare for dei minste å begynne på skulen. Poenget er at barna skal bli introdusert for Frode i barnehagen og deretter møte han igjen når dei startar på skulen.

Målet med prosjektet er at uansett kvar du kjem frå i kommunen og kva skule du startar på, så skal du møte att ein kjent figur.

– Det vil vere ein kjempefordel for mange elevar, og spesielt dei

som startar i klassar med berre nye fjes, seier Andreas Fonn Macsik.

Han er rådgjevar for fagutvikling i Sunnfjord kommune og saman med kollega Turi Bruland og rektor på kulturskulen, Trude Skarvatun, leiar han prosjektet.

Frode kjem i ein stor, blå bag saman med andre kulturelle verktøy som barna vil kjenne att frå barnehagen. Songar, regler og bøker inspirert av kommunen og på nynorsk. Materialet er laga med lokale kulturuttrykk og nynorsk litteratur. Det inkluderer blant anna ei teljereggle frå Sandane og ein song frå Gaular.

– Det skal også vere eit identitetsprosjekt for den nye samanslætte kommunen. Vi valde noko som sameinar dei fire kommunane; lakseelvene, seier rektor ved Sunnfjord kulturskule, Trude Skarvatun.

MONE CELIN SKREDE  
Styrelseiar i Kringkastingsringen



## Pressa allmennkringkasting

**BÅDE BBC OG** Danmarks Radio har dei siste åra fått kutta budsjetta sine. Også fleire andre stader i Europa opplever allmennkringkastarar at rammevilkåra blir svekte.

**EI SLIK UTVIKLING** kan verke naturleg, mediekvarden har endra seg radikalt dei siste åra. Vi les og høyrer annleis enn berre for nokre få år sidan. Tilbodet er stort, og det er ikkje gitt at staten skal halde oss med fjernsyns- og radiokanalar.

**NOKO AV PRESSET** kan allmennkringkastarane skulde seg sjølv for. I jakta på sjårar og lyttarar lagar dei program som liknar på det ein finn på kommersielle kanalar. Dette gjer kanalane laglege for hogg for dei som meiner at dette undergrev marknaden for dei kommersielle kanalane.

**MEN DEI STATLEGE** kanalane møter også skuldingar om at dei ikkje er politisk nøytrale, at dei har ei slagside den eine eller andre vegen og at dei ikkje bryr seg om det vanlege folk er opptekne av. Dette er ikkje nye åtak. Skilnaden er at dei som hevdar dette no, får politisk gjennomslag, noko som resulterer i at rammevilkåra for statskanalar blir svekte.

**FØREBELS SER EIN** lite av dette i Noreg. Men i høyringsrundane om t.d. pressestøtte og mediemangfald ser ein at desse tankane dukkar opp i nokre av høyringssvara. Difor skal ein vere på vakt.

**I UTGANGSPUNKDET ER** det lett å ha sympati med t.d. nettavisar som må finansiere journalistikken sin sjølv i konkurransen med nrk.no der alt er gratis. Og det er lett å skjøne at det finst grupper som meiner at deira meningar aldri kjem til syn i NRK sine sendingar. Det er trass alt berre dei siste åra at NRK har greidd å nå kravet om 25 % nynorsk. Og dette har faktisk vore eit krav.

**MEN UTAN AT** folk ser, les og høyrer på NRK, så mister dei i alle fall eksistensgrunnlaget sitt. Difor må dei lage program og saker publikum vil ha. Og NRK er blitt meir opne for alternative meningar enn dei var for berre nokre få år sidan. Det er berre å sjå litt på dei opne sendingane frå Kringkastingsrådet, så skjøner ein at dette er noko dei arbeider mykje med. Kritikk blir i alle fall ikkje feia under matta.

**VERDIEN TIL NRK** ligg i hovudsak ikkje i sportssendingane, fredagsunderhaldninga og artige videoar på framsida av nrk.no. Verdien ligg i alt det i mellom. Skulle NRK bli svekt, er det dette stoffet som vil forsvinne fyrst. Ikke «Nytt på nytt».



Foto: Bertine Moen / Firda

# ‘e det lettare å skulen

## – Eg er superstolt

Sunnfjord kulturskule var med i prosjektet kulturskule 3.0. Formålet med prosjektet er å sjå korleis kulturskulane kan betre tenestene i kommunen. Kulturskule 3.0 er initiert av Norsk kulturskuleråd og KS. Sunnfjord kulturskule fekk plass i utviklingsprosjektet blant berre 16 i landet og to i Vestland fylke: Sunnfjord og Høyanger. Dei valde å fokusere på overgangen frå barnehage til skule.

– Eg er superstolt over prosjektet, seier Skarvatun. Her lokalt blir det veldig bra, og det vart godt motteke når vi hadde «kickoff» med barnehage og skule tidlegare i år. No står att det å sjå om det har effekt på dei det skal ha effekt på.

## – Verdt kvar krone

Utviklinga av prosjektet har teke rundt eitt og eit halvt år og har ikkje kosta dyrt, ifølge Macsik. Det er snakk om bøker, printing av ark og baggar som er kjøpt inn. I tillegg har det vore fagfolk og ressursgrupper involverte gjennom heile prosessen som har arbeidd med det pedagogiske, men det meste er gjort lokalt og internt i kommunen.

– Det er ikkje noko veldig dyrt prosjekt, og verd kvar ei krone, meiner Macsik.

## – Engasjerte folk

Macsik jobbar i oppvekstsektoren og har sett at skulen kan vere tøff for mange. Spesielt ved overgangane.

– Det er givande å få vere med på å utvikle noko som

kan gjøre det litt lettare for barna som skal starte i skulen, og så er det utrøleg kjekt å sjå den kompetansen som kulturskulen sit med og få brukt den i andre sektorar. Det er verdifullt, og kvaliteten på det vi har fått til, har blitt veldig bra. Dei som arbeider med prosjektet, er engasjerte folk, seier Macsik.

Alle barnehagar og skular i kommunen skal no vere i gang med prosjektet. Nokre barnehagar hadde allereie teke i bruk laksen Frode med songane og dansane hans på avslutning før sommaren, og når skulen startar i august, ligg han klar i klasseromma for å møte dei komande førsteklassingane.

BERTINE MOEN  
Firda

Den 18. august la kultur- og likestillingsminister Anette Trettebergstuen (Ap) fram **høyringsutkast til ny boklov.**

# Ny boklov: Usemje om sentrale punkt

**DEN NYE BOKLOVA** innhold mellem anna ein ny føremålsparagraf. Denne seier at: «Lovenes formål er å legge til rette for bredde, mangfold og kvalitet i norsk litteratur og å sikre god tilgjengelighet til litteraturen for alle i Norge. Loven skal også ivareta forfatter- og leserinteresser og legge til rette for et mangfold av aktører, bidra til å fremme kulturog kunnskapsformidling og styrke skriftkulturen på bokmål, nynorsk og de samiske språkene.»

Departementet føreslår til dømes at fastprisen på bøker skal verta rullerande. Det betyr at fastprisen byrjar frå kvar enkelt tittel er gjeven ut, heller enn å gjelda fram til 1. mai året etter utgjevingsåret. Fastprisperioden er også føreslått utvida, der både 12 og 18 månader er aktuelle lengder. Det er også føreslått at fastprisen skal vera sett til kvar tittel, heller enn på kvart format som i dag. Det er også føreslått brukarvenlege reguleringar av lydbokmarknadene.

## Glade for føremålsparagraf

– Boklova må vera eit verkemiddel for å få meir nynorsk litteratur ut til folk, seier Synnøve Marie Sætre, fungerande leiar i Noregs Mållag i ei pressemelding 19. august.

Noregs Mållag er glade for at lova får ein språkpolitisk føremålsparagraf.

– Det er gledeleg at boklova er tydeleg på at ho skal bidra til å styrkja nynorsk skriftkultur. Å oppretthalda eit stort litteraturfelt på norsk er viktig for det norske språket, og det er særleg viktig for den nynorske skriftkulturen, legg Synnøve Marie Sætre til.

Med ei boklov som har som føremål å styrkja nynorsk skriftkultur, ventar Mållaget at den nye lova bidreg til konkrete tiltak som gjev nynorske forlag og forfattarar gode vilkår.

Mållaget ventar også at boklova,

## BOKLOV

■ Boklova erstattar «Bokavtalen» som var inngått mellom Bokhandlerforeningen og Forleggerforeningen.

■ Ny boklov har vore eit ønske frå bokbransjen i lang tid.

■ Den førre boklova blei vedtatt i 2013, men vert skrota av den nyleg påtroppa regjeringa Solberg same året.

■ Ny boklov er ei av fane-sakene til kulturminister Anette Trettebergstuen (Ap) og i Hurdalsplattforma.

■ Framlegget til ny boklov har høyringsfrist 18. oktober.



**GLAD:** Synnøve Marie Sætre i Noregs Mållag er glad for at den nye boklova har ein språkpolitisk føremålsparagraf.

Foto: Karianne Marøy

til liks med språklova, anerkjenner at styrkeforholdet mellom nynorsk og bokmål er skeivt, og at det difor er naudsynt med særlege tiltak for å styrkja den nynorske skriftkulturen. Det gjer ikkje den nye boklova i tilstrekkeleg grad, meiner Mållaget.

– Særleg litteratur på nynorsk for born og unge er viktig, seier Sætre og held fram:

– Born som har nynorsk som hovudmål, har for lite tilbod om nye utgjevingar på eige skriftspråk, og me vonar at boklova bidreg til ei naudsynt betring.

Boklova har høyringsfrist 18. november. Mållaget kjem til å følgja sakta vidare og leggja fram sine høyringssvar og krav for kulturminister Anette Trettebergstuen.

## Usemje om viktige punkt

Forleggerforeningen melder på nettsidene sine at dei ønskjer lengre fastprisperiode velkommen. Dei vil også fjerna fastprisen på lærermiddel og pensumbøker, og ønskjer eit makstak på rabattar – såkalla avanseregulering.

– «De beste forutsetningene for å opprettholde mangfoldet av bok-



Boklova må vera  
eit verkemiddel  
for å få meir  
nynorsk litteratur  
ut til folk.

*Synnøve Marie Sætre,  
fungerande leiar i Noregs Mållag*

handler og forlag vil være en form for avanseregulering», seier administrerende direktør i Forleggerforeningen, Heidi Austlid.

Bokhandlerforeningen åtvarar derimot mot å innføra eit makstak på rabattar og å fjerna fastprisen på lærermiddel.

— «Bokhandlerforeningen er som kjent sterkt imot at bokloven skal innføre reguleringar som favoriserer forlagene og svekker økonomien til bokhandelen. Det vil være et paradox når det er bokhandlarar som har forsvunnet de siste årene og ikke forlag», skriv dei på nettsidene sine.

— «Vi ønsker en enkel boklov som sikrer forutsigbarhet, men som ikke detaljregulerer og begrenser vår mulighet å gi leserne et stadig bedre tilbod!», legg dei til.

**Samlaget: Lova er for lesarane**  
Norsk Tidend har tatt kontakt med både Samlaget og Skald Forlag for å høyra meiningsane deira om utkastet. Samlaget har gitt svar på spørsmålet over e-post, og svara kjem frå administrerande direktør Edmund Austigard. Han er også leiar i Forleggerforeningen, men har svara på spørsmåla på vegner av Samlaget.

— Kan du kort summa opp meiningsane dine om høyringssutkastet?

— Det er ein styrke at det blir stilt opne spørsmål i dette godt gjennomarbeidde dokumentet. Det betyr ei reell høyring, og det bør det vera når saka er så samansett som denne. Denne lova skal først og fremst tena lesarane. Derfor skal me bruka tid på å forstå kva tiltak som treffer best der høyringssnotatet kjem med fleire alternativ.

— Generelt: Kva er dei beste punkta i høyringssutkastet? Kva ønskjer du at blir endra i høyringssutkastet?

— Det viktigaste er at fastprisen kjem i lovform på ein måte som gjer ▶

*Me må vera i stand til å sikra barn og unge nynorsk litteratur der dei er – på skulen og i fritida – uavhengig av om dei har nynorsk som opplæringsspråk eller andrespråk.*

**Edmund Austigard,  
administrerande direktør i Samlaget**

at han blir reelt gjeldande, det vil sikra like konkurranseforhold. Eg trur også det er viktig at fastprisperioden er lang. Det vil bidra sterkt til forfattarøkonomien og sikra at fleire har råd til å skriva. Dermed blir det meir litteratur, og vil i sum bidra til eit best mogleg litteraturtilbod til lesarane.

– Opplever Samlaget særskilte utfordringar ved å vera eit utprega nynorsk forlag?

– Den gode norske bokhandelen saman med eit suverent biblioteksystem sikrar stort sett at nynorsk skjønnlitteratur for vaksne og sakprosa er tilgjengeleg for dei fleste. Me ser at lesarane lèt seg begeistra av nynorsk litteratur. Den store byrden er det nok barn og unge som må bera. Der er utfordringa samansett.

Før skulebiblioteka får si eiga innkjøpsordning med øyremerkte nynorskmidlar, vil barna våre møta eit svært varierande tilbod, og dermed ganske ulike opplæringsvilkår. Det er utruleg at me vaksne ikkje greier å ordna opp i dette og gi barna ein kvalitetsgaranti på noko som er så viktig.

– Korleis blir vilkåra for Samlaget om dette utkastet vert vedtatt? Som før, betre, eller verre?

– Lova er laga for lesarane, deg og meg, ikkje for Samlaget eller andre forlag. Blir dette vedteke, vil det gjera arbeidet med litteratur langs heile næringskjeda meir føreseieleg, og dermed bidra til at me som litteraturbrukarar kan venta oss eit minst like godt tilbod i framtida.

– Etter di meining: Lever utkastet opp til føremålet om styrkja den nynorske skriftkulturen? Kvifor/kvifor ikkje?

– Boklova i seg sjølv endrar ingenting for nynorsken. Nynorsk treng det som er slege fast i språkmeldinga og dei særskilte tiltaka som er lova. Først og fremst at skulen og Utdanningsdirektoratet tek nynorsk på alvor, t.d. ved å sikra nynorske læremiddel til skulestart.

– Kva er det viktigaste me kan gjera for å styrkja nynorsk skriftkultur, etter di meining?

– Me må vera i stand til å sikra barn og unge nynorsk litteratur der dei er – på skulen og i fritida – uavhengig av om dei har nynorsk som opplæringsspråk eller andrespråk. Ei styrking av skulebiblioteka gjennom ei nasjonal kvalitetsnorm som

garanterer for formidlingskompetanse og relevant innhald.

– Er lydbøker eit problem eller ein moglegheit for nynorsk litteraturen?

– Lydbøker er flott, også for språkutviklinga. Samlaget sin jobb er å sikra at det finst eit rikt utval på nynorsk.

– Ei særleg utfordring for nynorsk er mangelen på sakprosa og lærebøker i skulen. Bidreg boklova etter di meining til ei nødvendig styrking av sakprosa og lærebøker på nynorsk?

– Som eg skreiv over gir boklova større føreseieleighet på allmennfallet. Skulebøker er ikkje omfatta av lova. Både Kulturdepartementet og leiande kulturpolitikarar har identifisert mangelen på sakprosa for barn og unge. Viljen til å gjera grep ser derimot ut til å mangla.

I år vil regjeringa argumentera for at pengane må gå til forsvar, tryggleik og straumstøtte. Ei minst like viktig investering i forsvar og tryggleik, er å bruka pengar på oppgradering av skulebibliotek.

Samlaget gir ut så mange sakprosatisltar me finn økonomisk rom for, men me opplever dessverre årleg at særskilte sakprosabøker for barn og unge ikkje blir kjøpte inn av Kulturrådet. Når ein legg til at ein av Noregs to store bokhandelskjedar ikkje vil kjøpa inn nynorsk litteratur for barn og unge, ser alle at me her snakkar om eit stort strukturelt problem. Men det skal jo vera rett fram å sikra at alle elevar har skulebøker og digitale læremiddel på sitt språk. Me hentar olje frå botnen av Nordsjøen, det er klart me kan fiksa nynorske læremiddel om me vil.

#### **Skald Forlag: Framlegget har manglar**

Norsk Tidend har også ønskt å høyra med eit mindre, uavhengig forlag. Valet fall naturleg på Skald forlag, som i all hovudsak gir ut skjønnlitteratur og sakprosa på nynorsk. Me har snakka med forlagssjef Simone Stibbe over telefon.

– Kva konsekvensar får boklova for dykk?

– Boklova lovfester og erstattar Bokavtalen, som var mellom Bokhandlerforeningen og Forleggerforeningen. For oss som ikkje er medlem av Forleggarforeningen vil dette tyda at vi vil bli bundne av ting som til dømes fastprisavtalen.



**NØGD, MEN UROA:** Edmund Austigard er stort sett nøgd med framlegget til ny boklov. Samstundes er han bekymra for mangelen på nynorske læremiddel.

Foto: Det Norske Samlaget



Men når det er sagt, så har vi heile tida halde oss til bokavtalen, med fastprisar og normalkontraktar, og eg er veldig positiv til at det blir ein lovbestemt fastpris for alle.

– Kva er hovudårsaka til at ein har ønskt å stå utanfor bokavtalen?

– Hovudrunnen er nok at vi opplever Forleggerforeningen som ein svak fagorganisasjon for mindre forlag. I tillegg er det mykje dei same folka som sit rundt bordet i Bokhandlarforeningen og Forleggerforeningen. Aschehoug og Gyldendal eig delar av Norli og Ark. Dette vertikale eigarskapet er eit av hovudproblema i bokbransjen. Det gjer til dømes at dei forlaga ikkje er like sårbarer overfor rabattordningar som forlag som ikkje er medeigar i bokhandelskjedene. Det dei taper på å gi i rabatt, kan dei henta ut igjen i overskot frå sal i butikkane. Slik sett er ikkje konkurransevilkåra like i utgangspunktet.

– Kva er det beste med utkastet?

– Formålet om å minske diskrimineringa i bokbransjen. Det er mange gode ambisjonar bak utkastet om boklova, men eg er redd ein har ikkje heilt tenkt ferdig kva konsekvensar den kan få.

– Kva konsekvensar tenker du på då?

– Kulturdepartementet ønsker innspel på om det skal vera eit makstak på rabatt for bøker inn til forhandlarleddet, altså bokhandlarane. Eit slike makstak er eg i grunnen positiv til, men det blir problematisk når ein samstundes slepp fri marknadsstøtta. Denne fungerer slik at forlaga betaler bokhandlarane for å vera ein del i visse felles kampanjar og å framheva utvalde bøker på ein eller annan måte. Det gir dei finanssterke forlaga høve til å betala seg til meir plass og marknadsføring i butikkane.

– Eg meiner marknadsstøtta bør vera ein del av rabattsystemet og dermed vera tett knytt opp til kor mykje bokhandlarane satsar på bøkene. I praksis vil det sia at ein blir samd om høgare rabatt ved visse satsingar. Bokhandlarane tar svært liten risiko slik det er i dag. Det er allereie dei som har mest forteneveste av kvart sal, mellom 40–50 % – tre gongar så mykje som forfattaren får – og det i grunnen berre for å ta inn ei bok utan at det er noko marknadsføring lagt inn i dette.

– I tillegg har ein returordningar. Så under streken er det forlaga som sit att med ein veldig stor del av risikoene. Marknadsstøtta som ein del av rabatten vil vera eit godt insen-

tiv for bokhandlarane om å prøva å selja fleire bøker, og det er den einaste måten eg ser for meg at ein kan oppnå målet om meir likestilling i bransjen.

– Som eit nynorsk forlag, skulle de sett fleire tiltak retta mot nynorsken spesielt? Er det noko i boklova som endrar vilkåra for nynorsk litteraturen?

– Kort sagt er det ingenting i boklova som fremmar produksjon av nynorsk litteratur, og eg er usikker på om boklova er rette plassen for slike incentiv. Det bør heller komma gjennom støtte til utgivarar og forfattarar. Men det er klart at formåla som er formulerte i boklova kan vera viktige grunnar til kvifor ein bør auka midlane til utgiving av nynorsk litteratur. Her har Kulturrådet enda ein veg å gå for å finna gode ordningar.

– Er lydbøker eit problem eller ein moglegheit?

– Lydbøker er absolutt ein moglegheit. Men det er i dag lite insentiv for å gi ut lydbøker, spesielt på nynorsk. Det er også vanskeleg for små forlag å gå inn i dette.

– Med det sagt er eg mykje meir positiv til lydbøker enn e-bøker. Her kan ein gjera kunstnariske grep som gjer at lydbøkene framstår som

*Det er ingenting i boklova som fremmar produksjon av nynorsk litteratur.*

*Simone Stibbe,  
forlagssjef i Skald forlag*

eigne utgivingar. Det er veldig bra at departementet føreslår eit krav til strøymetenestene om å selja enkeltbøker og dermed gi tilgang til alle lydbøker utgitt i landet.

– Kva synest du om tiltaka for lydbøker i boklova?

– Eg skulle gjerne sett meir standardisering. På same måte som alle bokhandlarane har leveringsplikt på dei same bøkene, burde ein krevja lydboktenestene å strøyma dei same bøkene. Det er bra for forbrukarane, forlaga og forfattarane. Så får ein konkurrera på andre måtar slik nett-bokhandlarane gjer i dag.

– Eg er elles noko skeptisk til «sperrefristen» på lydbøker. No får ein ikkje lov til å gi ut lydbøker før fastprisperioden er gått ut. Det er jo eigentleg ganske diskriminerande overfor folk med lesevanskær, til dømes. Forlaga bør sjølv kunna bestemme kva tid dei vil gi ut ulike utgåver. Dette er fullt kompatibelt med å framleis lovfesta ein fastpris.

– Bokhandlerforeningen er opptatt av at ein ikkje må fjerne moglegheita til å gi 12,5 % rabatt på fastprisbøker, medan Forleggerforeningen er for denne fjerninga. Kva meiner de, som uavhengig forlag?

– Ved å avskaffa moglegheita til å gi 12,5 % rabatt til medlemmar i bok- og kundeklubbar, tek ein bort levebrødet for bokklubbane og abonnementsordningane. Det meiner eg er feil. Vi har sjølv ein liten bokklubb for klassikarserien vår, noko som var heilt essensielt for å få spreidd verds litteratur omsett til nynorsk. Utanom ein handfull kulturbokhandlarar var bokhandlarane i starten veldig skeptisk til å ta inn klassikarane våre. Så abonnementsordninga har vore svært viktig for å ha ei plattform for å visa fram bøkene.

– Eg kan skjønna at ein kanskje tenkjer at den gamle bokklubbmodellen er utdatert, men problemet er at ved å fjerne moglegheita for abonnementsordninga og bokklubb, så tek ein vekk moglegheit til å skapa nye modellar også.

– Dessutan er det svært diskriminerande for den fysiske boka. Skal ein vera rettferdig, bør ein då også ta vekk grunnlaget for strøyminga. Og det er det nok ingen som vil. Ikke vi heller.

VEMUND NOREKVÅL KNUDSEN  
vemund.knudsen@nm.no

## Einar Økland får Amboltprisen

Amboltprisen 2022 går til forfattar **Einar Økland** (biletet). Prisen blir delt ut under Poesifestivalen og går til ein person som har arbeidd for Olav H. Hauge si diktning og gjort henne kjent.

Det går fram av ei pressemelding frå Styret i Venelaget Olav H. Hauge, som deler ut prisen.

Tildelinga skjedde under Poesifestivalen i Ulvik i september under arrangementet «Med Økland og Hauge i eplehagen».

Økland får prisen for sitt mangeårige virke og mangslungne arbeid med å løfte fram Olav H. Hauges diktning.

Økland debuterte med diktsamlinga Ein gul dag i 1963. Sidan då har han gjeve ut over 80 bøker i dei fleste sjangrar: romanar, dikt, barnebøker, essay/essaysamlingar, dramatikk, kritikkar med meir. I tillegg har han gjendikta store mengder utanlandsk poesi og vore ein sentral person i dei litterære tidsskrifta Profil og Basar og ulike kunstnar-/forfattarorganisasjonar.

– Økland har gjennom virke sitt stadig framheva Hauge i foredrag, innlegg og meir litterære studiar, heiter det i grunngjevinga for kvifor Økland får prisen.

NPK



Foto: Tove K. Breistein / Samlaget

## Priya Bains får Olav H. Hauge-stipendet 2022

Lyrikkdebutanten **Priya Bains** ble tildelt Olav H. Hauge-stipendet under opninga av Poesifestivalen i Ulvik fredag 9. september for diktsamlinga *Med restene av mine hender*.

– **SPRÅKET TIL BAINS** er musikalsk og sanseleg, sa juryleiar Brit Bildøen under utdelinga.

– Debutsamlinga er gripande og tankevekkjande. Den omfangsrike diktsamlinga viser eit spennande og stort poetisk talent. Ho er ein verdig vinnar av Olav H. Hauge-stipendet, seier Geir S. Netland, arenaleiar ved Haugesenteret, i ei pressemelding.

Den spontane reaksjonen til prisvinnaren då ho fekk vite om tildelinga, var bannskap og overraskning.

– Ein kan mildt sagt seie at det kom brått på meg. Tildelinga betyr sjølv sagt mykje, både det å få arbeidet sitt anerkjent på denne måten, men også skrivetida det gir. Veldig stas, seier Priya Bains.

I år går stipendet til ein debutant som har gitt oss ei rik diktsamling med presise og slåande metaforar og skarpe, og iblant overraskande, bilde. Vi møter eit fargerikt kaos som saman med forsøksvis kontroll byr på stor sorg og varm omsorg. Språket er musikalsk, sanseleg og høgtideleg. Dei første dikta i samlinga er nokså stramme i forma, men utover i boka opnar dikta seg både språkleg, innhaldsmessig og grafisk, skriv juryen i grunngjevinga si.

Dette er tredje gong Olav H. Hauge-stipendet blir delt ut. Sti-



**SKULERT:** Priya Bains (f. 1995) er utdanna frå Skrivekunstakademiet i Hordaland og Forfatterskolen i København.

Foto: Foto: Baard Henriksen / Oktober

pendet går til ein norsk lyrikar, songar eller tekstforfattar under 40 år som har gitt ut diktsamlingar eller eigne større songverk, og som gjennom denne kunstnarskapen har vist eit særlig poetisk talent.

Stipendet på 150.000 kroner

er finansiert av Sparebanken Vest og Sparebankstiftinga Hardanger. Nynorsk kultursentrum har opprettet stipendet, og Haugesenteret deler ut stipendet kvart anna år under opninga av Poesifestivalen.

NPK

## Tore Kvæven får Sæterbakkens Minnepris

Forfattar, sauebonde og lærar **Tore Kvæven** (biletet) frå Sirdal i Aust-Agder har fått Stig Sæterbakkens minnepris for 2022.

Kvæven debuterte i 2011 med «Hard er mitt lands lov». Han har også skrive barneboka «Kameljegeren» (2013). I 2018 kom romanen «Når landet mørk-

nar» som fekk Brageprisen same år og Sørlandets Litteraturpris 2019.

Prisen blir delt ut av forlaget til Stig Sæterbakk, Cappelen Damm, og i juryen sat Carina Elisabeth Beddar, Thomas Lundbo og Ingrid Svennevig Hagen.

NPK



Foto: Tommy Ellingsen / Samlaget

# Litter krafta

– Med nye og gamle blikk på Tarjei Vesaas, skeivt kulturår og norsk samtidslitteratur har publikum fått oppleve krafta i forteljingane på Litteraturdagane denne veka, seier arenaleiar ved Vinjesenteret **Petra Helgesen**.

**LITTERATURDAGANE 2022** stadfesta i helga at dette er ein festival med nasjonale perspektiv med solid fotfeste i diktar- og kulturbygda Vinje.

Blant høgdepunkta under festivalen var tildelinga av Storegut-prisen til Guri Vesaas, konsert med Frode Grytten Beat Band og samtalen med den prislønte Vinje-forfattaren Kjersti Rørgmoen. Det var mykje latter i salen og god stemning.

2240 gjester fekk med seg konserter, film, føredrag og høgtlesing under Litteraturdagane.

– Fredagen var besøkstalet høgare enn tidlegare år, og det var berre på sundagen at det var billettar att å få kjøpt, seier Helgesen i ei pressemelding frå Nynorsk kultursentrum.

– Me når mange med Litteraturdagane! I tillegg har me passert 1 000 gjester i utstillinga så langt i år. Det er kjekt å kjenne at Vinjesenteret som kulturstasjon er kome godt i gang.

### God støtte frå frivillige

Til saman har rundt 30 frivillige vore med under Litteraturdagane. Dei har rigga og rydda, servert og kokt kaffi, køyrt utøvarane, sjekka billettar og vore scenearbeidarar.

Laget Vener av Vinjesenteret og andre frivillige har nok eit år vore med på å skape eit svært godt kulturtilbod i Vinje desse dagane.

### Skeivt kulturår

Vinjesenteret er ein del av Nynorsk kultursentrum. Stiftinga er ein av dei største aktørane i både Skeivt kulturår 2022 og ikkje minst 125-årsjubileet for Tarjei Vesaas.

– Vinjesenteret er ein stad der tradisjon og samtid treffer kvarandre og skapar nye opplevingar. Det er eit viktig og naturleg tilskot til nynorsk skriftkultur, utdjudar Helgesen.

Neste år finn Litteraturdagane stad 25. til 27. august. I mellomtida er det fleire arrangement på Vinjesenteret, og utstillinga er open for publikum gjennom heile året.

SVEIN OLAV B. LANGÅKER  
LNK

# aturdagane synte i forteljingane

**STOREGUTPRISEN:** Guri Vesaas var stolt mottakar av Storegutprisen. – Eg håpar at prisen kan vere med på å stimulere til at det blir skrive meir nynorsk litteratur for born, og at det kan vere med å auke lystlesnaden til born, sa ho i takketala si.

Foto: Andre Nesheim



**SAMTALE MED KRITIKAR:** Kjersti Rørgemoen fortalte om boka «Eit praktisk menneske» i samtale med kritikar Eivind Myklebust.

Foto: Mari Tveit



**POESI OG MUSIKK:** Frode Grytten Beat Band avslutta fredagskvelden. Publikummar Sissel Saue oppsummerer: – Det var ein fantastisk konsert, der dei klarte å knyte poesien saman med det musikalske uttrykket.

Foto: Anders Kalvåtn



**ØNSKTE NYNORSK:** Kristina Martinsen ønskte eit nynorsk namn på frisørsalongen sin.

Foto: Christine Fohlin Verneland / Nyss

## Framifrå klipp på nynorsk

4. august opna **Kristina Martinsen** dørene til Framifrå Frisør i Sykkylven. Og med det har ho fått oppfylt draumen om å starte sin eigen frisørsalong.

**FRISØRUTDANNINGA SI TOK** ho ved Cancam-skulen i Ålesund, og lærlingtida hadde ho ved GF Frisør i Sykkylven. I mars i år tok ho sveinebrev i frisørfaget. Då frisørsalongen ho jobba ved skulle avslutte drifta, såg ho moglegheita for å starte sjølv.

– Det er nesten litt surrealisk å låse opp døra til salongen og tenkje på at det er mitt. Det gir ekstra motivasjon, seier Martinsen.

Det har vore nokre hektiske dagar, både i forkant av opninga og i løpet av dei dagane ho har halde ope. Salongen, som ligg vegg i vegg med Geiranger Bakeri,

har ei moderne innreiing.

– Lokalet såg veldig greitt ut då eg tok over, men litt måling og flikking måtte til. Interiørmessig ville eg lage ein heimekoseleg atmosfære. Her skal ein finne roa, fortel ho.

– Kvar kjem namnet frå?

– Det var mange idemyldringar før vi til slutt landa på Framifrå Frisør, forkorta Fiff, etter forslag frå mamma. Eg ønskete eit nynorsknamn, gjerne med litt dialektpreg over seg. Og der synest eg Framifrå Frisør treft godt, seier ho.

Per i dag jobbar ho åleine i salongen, men korleis det blir på sikt, må ho sjå an.

– Her er plass og arbeidsstasjonar til fleire, men no i startfasen blir eg her åleine. Eg er førebudd på lange og travle dagar, i alle fall no i etableringsfasen, avsluttar Kristina Martinsen.

CHRISTINE FOHLIN VERNELAND  
Nyss

## Mållaget: Nytt semester, ny språkrett!

Studentar ved private utdanningsinstitusjonar startar semesteret med ein heilt ny språkrett. Frå 1. august må nemleg både statlege og private skular tilby **eksamsoppgåver på nynorsk og bokmål**. Fram til no har ikkje dette vore ei plikt for private høgskular.

– Det er svært gledeleg at studentar på private skular får lov festa retten til å få eksamen på sitt eige språk, seier Synnøve Marie Sætre, fungerande leiar i Noregs Mållag.

– Denne saka har Norsk Målungdom jobba med i mange, mange år. Endeleg har vi vunne fram, smiler Tobias Christensen

Eikelund, leiar i Norsk Målungdom. Denne retten har vore gjeldande ved statlege høgskular og universitet i lang tid. Likevel er det ei stadig utfordring at dei ikkje følgjer plikta si, og at studentane ikkje får oppfylt retten til å få eksamen på sitt valde språk.

– Målungdommen kjem til å halde fram med å passe på at studentane får det dei har krav på, seier Tobias Christensen Eikelund.

Det er over 50 000 studentar som no går på private høgskular, som frå denne hausten for fyrste gong får rett til å ta eksamen på eige språk.

Noregs Mållag



**DISKUTERTE DIGITALISERING:** Sjur Moshagen, Synnøve Marie Sætre, Sondre Ronander,

## Mållaget i debatt o

Den 25. august deltok fungerande leiar **Synnøve Marie Sætre** i ein samtale om utfordringar i skulen med digitale skrivestøtteprogram.

**SAMTALEN FANN STAD** i Målstova i Nasjonalbiblioteket. I panelet på Nasjonalbiblioteket sat Sondre Ronander, PR-ansvarleg i Google, Sjur Moshagen, språkforskar ved UiT og Åse Wetås, direktør i Språkrådet. Ordstyrar var Karoline Riise Kristiansen, språksjef i NRK. Norsk Tidend var til stades som publikummar.

– Nynorskelever møter mindre og mindre nynorsk i skulekvarden sin. Dette påverkar statusen til nynorsken og sjølvtiltitten til elevane, fortalte Synnøve Marie Sætre.

## Får støtte til miljøjournalisti

**Framtida Junior** vil laga til miljøjournalistkurs for barn og unge fleire stader i Vestland no i haust, og gje ut ei miljøutgåve til minst 8000 sjetteklassingar.

**NO HAR VESTLAND** fylkeskommune vedteke å støtta tiltaket med 50.000 kroner.

– Me er veldig glade for støtta frå fylkeskommunen, og ser på det som ei anerkjenning av arbeidet vårt for å visa fram og auka engasjementet til barn og unge, seier redaktør Svein Olav B. Langåker i *Framtida Junior*.

I tildelingsbrevet står det at prosjektet er vurdert som eit særskilt haldningsskapande arbeid for klima og miljø. Prosjektet skårar til telle høgt på vurderingskriteria «handlingsretta tiltak» og «prosjektet/tilta-



Åse Wetås og Karoline Riise Kristiansen.

## Om digitalisering i skulen

Tidlegare i år arrangerte Katten Målungdom (Bergen katedralskule) ein demonstrasjon der dei knuste gamle PC-ar, skjermar og tastatur. Målet var å få merksemrd omkring krav til Google. Dei ønskete å få ordentlege verktøy for rettskriving på norsk, og kravde mellom anna all programvare og appar tilgjengelege på nynorsk. Operativsystemet Google Chromebook og læringsverktøyet «Google for

Education» er i bruk på svært mange skular i dag.

Leiar i Målungdommen, Tobias Christensen Eikeland, var til stades i samtales hos Språkrådet. Han gjentok bodskapen frå demonstrasjonane i sommar, og utfordra Google på om dei ville gjere noko med mangelen på nynorsk i tenestene deira.

– Det er skuffande at Google forsømmer det viktige språklege ansvaret dei har. Me krev at alle tenestene Google

tilbyr norske skular, skal vere tilgjengelege på nynorsk, sa Tobias.

Målungdommen fekk svar frå PR-ansvarleg i Google, Sondre Ronander:

– Vi held oss til det vi er pålagt frå det offentlege. Eg kan ikkje svare for kva Google kjem til å gjøre, men alternativet til å leve på krava frå det offentlege er å tape anbodet, svarte han.

VEMUND NOREKVÅL KNUDSEN  
vemund.knudsen@nm.no

## stkurs for barn

ket sin effekt på klima og miljø». På kursa vil barn på mellomtrinnet og ungdommar få kurs i å laga skuleavis og tips til lokale klima- og miljøtiltak som dei kan undersøka og skriva om.

Framtida Junior vil også laga til ei miljøutgåve som blir sendt ut til minst 8000 sjetteklassingar no i haust og arrangerer også skrivekonkurranse for barn.

– Målet vårt med prosjektet er å bidra til å auka og visa fram miljøengasjementet til barn og unge i heile fylket og bidra med kunnskap til barn

og unge om miljøutfordringar og miljøløysingar og korleis dei kan delta og bidra, seier Langåker.

REDAKSJONEN/LNK



**MENGETRENING:** – Det er viktig for born og unge å lese nynorske bøker, seier Arild Torvund Olsen.

Foto: NPK

## Lanserer ny og betre nettside for nynorske bøker

I veke 36 har nettsida **nynorskbok.no** blitt oppgradert slik at det skal verte enklare å få oversikt over gode bøker på nynorsk.

**NYNORSKBOK.NO ER EIT** tilbod frå Nynorskenteret. Mange lærarar og barnehagelærarar spør om tips til gode, nye nynorskbøker dei kan bruke og tilrå. Vaksne kan hjelpe barn og unge med å finne gode bøker gjennom nye Nynorskbok, der det finst omtalar av rundt 1000 bøker.

– Målet med oppgraderinga er å gjøre vegen kortare til å sjå det utvalet som finst, seier Arild Torvund Olsen ved Nynorskenteret i ei pressemelding.

### Oversikt over nye bøker

På framsida til nynorskbok.no skal du raskt få oversikt over kva nye bøker som har kome ut for ulike aldersgrupper. Det finst bøker i ulike kategoriar – alt ifrå krim til biletbøker.

Når du har valt ein kategori, skal du få opp fleire tips til bøker som passar for aldersgruppa du har valt. Målet med nynorskbok.no er å gjøre det lettare for alle å finne fram til gode nynorskbøker. Dette er spesielt viktig for dei som arbeider i barnehagar, skular og bibliotek. På nettsida finn du også boklister, podcastar med forfattarintervju og bøker med undervisningsopplegg.

### Kvifor nynorske bøker?

For å verte ein god nynorskskrivar må ein lese mykje på nynorsk. Det gjeld både elevar med nynorsk som hovudmål og elevar med nynorsk som sidemål.

– Vi meiner det er viktig at barn og unge les nynorske bøker, både fordi bøkene er svært gode, og fordi lesarane treng nynorsk mengdetrenin, seier Arild Torvund Olsen.

Lærarar kan arbeide så mykje dei vil med grammatikk i klasserommet, men om ikkje elevane får nok mengdetrenin, får dei aldri språket under huda. Gode bøker på nynorsk er rett og slett ein god måte å gje elevane den mengdetrenin dei treng og fortener.

– Å lese nynorske bøker gjev ein ekstra gevinst til lesarane, ved at dei – i tillegg til livsmeistring og underhaldning – får både kvalitet og språkmeistring med på kjøpet, seier han.

NPK

# Nynorsk ikkje med i utg.

Nynorsk og språklege forskjellar er ikkje ein del av rapporten frå **Ytringsfridomskommisjonen**. Jan Inge Sørbø tar på seg skulda.

## KOMMISJONEN LANSERTE DEN

15. august utgreiinga si om kåra for ytringsfridommen i Noreg. Utgreiinga har namnet «NOU 2022: 9: En åpen og opplyst offentlig samtale». Mandatet til kommisjonen var å «med utgangspunkt i Grunnloven § 100 [...] utrede de sosiale, teknologiske, juridiske og økonomiske rammene for ytringsfrihet i dagens samfunn.»

*Norsk Tidend* har snakka med kommisjonsmedlem Jan Inge Sørbø. Sørbø er forfattar og professor ved Institutt for sosialfag ved Høgskulen i Volda. Han har svart på spørsmåla frå *Norsk Tidend* over e-post.

– Innstillinga er utan dissens. Kva var dei vanskelegaste sakene/punkta å bli samde om?

– Det var fleire spenningar. Til dømes korleis ein skal vekta fordelar og farar ved ny teknologi. Her peikar kommisjonen så avgjort på faremoment med store teknologiselskap, og farane ved manipulasjon gjennom nye media, men legg også stor vekt på dei positive sidene ved ny teknologi – at det rett og slett er blitt lettare å ytra seg. Når eg les NOU-en, ser eg at den nok er vel så mykje prega av optimisme som av otte for manipulasjon. Hadde eg skrive den åleine, ville det kanskje sett litt mørkare ut. Men begge delar er med.

## Toleranse og mangfold

– Ein svært interessant diskusjon handlar om omgrepene toleranse (som vi tek inn som ei fjerde grunngjeving for ytringsfridom) og mangfold. Medlemmer med bakgrunn i minoritetsmiljø opplevde ordet toleranse som negativt i situasjonar der dei blir bedne om å «tola såpass», medan dei opplever mangfaldsordet meir positivt. Mens andre opplever mangfaldsordet som tvetydig, ved at mangfold blir brukt til å skvisa ut dei som ikkje er tilstrekkeleg for mangfold på ulike felt.

– Svaret vart å bruka begge ord,

og definera dei skikkeleg. Men diskusjonen viser kor viktig det er at ulike grupper får skildra situasjonen frå sine erfaringar.

– *Er det noko du sjølv saknar i utgreiinga? Noko du meiner burde fått meir plass?*

– Det er jo store tema vi ikkje skulle skriva om, som akademisk ytringsfridom (som Kierulf-utvalet har skrive om), og forlagsbransjen, som sjølv sagt spelar ei viktig rolle.

– Og sidan *Norsk Tidend* spør: Vi har jo ikkje diskutert forholdet mellom bokmål og nynorsk særleg mykje, bortsett frå å bruka nynorsk-rørsla som eit strålande døme på korleis ei gruppe brukar ytringsfridommen til å definera sin identitet og si sak, parallelt med Hauge-rørsla, bonderørsla, arbeidarrørsla osv.

## Norsk for alle behov

– *Kva meiner du er den største truselen mot norsk språk i dag? Kva kan me gjera for å motarbeida dette?*

– Ein kan vel seia at vi har lukkast for godt med å bruka engelsk. Barn blir så eksponert for engelsk så massivt og så tidleg, at dei svært lett går over på engelsk. Det fører til at norsk går ut av bruk t.d. i fleire og fleire akademiske samanhengar, i næringslivet osv. Ein kan ikkje løysa det problemet med å få ned kunnskapen i engelsk (som ofte er därlegare enn folk trur sjølv), men vi må halda fram med å bruka norsk på alle område, halda fram med å omsetja, dikta, syngja og disputera på norsk. Det må finnast norsk for alle behov og alle nivå.

– *Kommisjonen stadfestar at bokmål og nynorsk er jamstilte målformer i dag. Har nynorsk vanskelegare kår enn bokmål som ytringsspråk i dag? Dersom ja: meiner du, eller kommisjonen, at dette er eit problem?*


– Nynorsk har vanskelegare kår, rett og slett fordi færre brukar det, og i mange område av landet er både kunnskapane om og haldningane til nynorsk problematiske. Dermed vil færre ta det i bruk.

På den andre sida har vi svært mange gode nynorske skribentar, både journalistiske og skjønnlitetrære, som demonstrerer at nynorsk er fullt brukbart i alle slags debattar. Dårlege kår for nynorsken er eit problem i den grad det har «nedkjølende effekt», dvs. at motviljen mot nynorsk får folk til å teia stilt eller skifta målform.

– *Er det eit problem for ytrings-*

*Jan Inge Sørbø skulle gjerne sett at tilhøvet mellom bokmål og nynorsk blei tematisert av kommisjonen.*

Foto: Agneth Brun



*Vi har jo ikkje diskutert forholdet mellom bokmål og nynorsk særleg mykje.*

*Jan Inge Sørbø,  
medlem i Ytringsfridomskommisjonen*

*ytringsfridomen at ulike avisredaksjonar praktiserer forbod mot nynorsk i spaltene sine?*

– Ja, utan tvil. Men tendensen har vel vore at dei er blitt mindre firkanta enn før.

## Ny teknologi gir endringar

– *Er det nokon spesiell grunn til at dette ikkje er kommentert i utgreiinga?*

– Det viktigaste i vårt mandat var å analysera endringane sidan sist kommisjon, som leverte i 1999. Dei store endringane er knytte til ny

teknologi og fleire og større minoritetsgrupper. Men vi kunne godt sagt nokon om det. Og skal nokon takast for at det ikkje vart gjort, så må det vel bli meg.

– *Er det greitt å forby nokon av dei norske språka i offentlege ytringsflater?*

– I utgangspunktet inneber jamstillinga at dei som gir ut skrifter, sjølv kan avgjera om dei skal koma på nynorsk eller bokmål. Så spørsmålet er knytt til debattforum i desse publikasjonane, og der synest eg det er problematisk at folk ikkje

# reiinga



får velja sitt eige språk.

– Eg synest *Dag og Tid* har ei god linje: Alt redaksjonelt stoff er på nynorsk, men lesarinnlegg på bokmål kjem på trykk. Elles ville ein stengt ute nokre innlegg. Det same burde bokmålsavisene praktisera.

– *Har staten eit særleg ansvar for å ta vare på nynorsk som eit ytringsspråk?*

– Staten har ansvar for å styrkja og halda oppe norsk språk, nynorsk inkludert. Det ligg vel i mållova.

VEMUND NOREKVÅL KNUDSEN  
vemund.knudsen@nm.no

## Språkrådet: «Feil, upresist og ganske overraskande»

**Åse Wetås**, direktør i Språkrådet, meiner språk har fått for lite plass i utgreiinga og i tilrådingane frå kommisjonen. Ho meiner det er oppsiktsvekkande og rart at ein rapport om ytringsfridommen ikkje har tematisert språk ytterlegare.

– **GRUNNLOVA SEIER** at ytringsfridom skal finna stad, og at dei statlege styresmaktene skal leggja til rette for dette. Kommisjonen har kalla rapporten «Open og opplyst offentleg samtal». Språk er ei konkretisering av desse rettane, og ein føresetnad for å kunna ytra seg. Derfor er det skuffande at kommisjonen ikkje har tematisert språk i det heile, seier Åse Wetås. *Norsk Tidend* møter henne i kontora til Språkrådet.

– Dei siste 150 åra har me sett regelrett diskriminering og avgrensingar på folks moglegheiter til å bruka sitt språk. Kommisjonen har ikkje sett på dei reelt ulike kåra folk har til å ytra seg på sitt språk i Noreg i dag, utdjudar ho.

### Upresist og feil om språk

I dokumentet på 356 sider er ordet «nynorsk» nemnt 9 gonger totalt. Sjølv om variantar av ordet «språk» er nemnt omkring 150 gonger, er det ingen eigne kapittel dedikerte til språkbruk i Noreg.

Wetås reagerer særleg på det ho meiner er faglege feil og upresist omgrepss bruk i utgreiinga.

– Det verkar ikkje som kommisjonen har hatt språklova med seg inn i arbeidet sitt. Dei definerer til dømes samisk som eit minoritetsspråk, men dei samiske språka har status som urfolksspråk. Dei språka som faktisk har status som minoritetsspråk i Noreg, kvensk, romani og romanes, er saman med norsk teiknspråk derimot ikkje nemnde som ein del av det tradisjonelle norske språkmangfaldet. Det er rett og slett feil, upresist og ganske overraskande.

Wetås siktat til at det i utgreiinga frå Ytringsfridomskommisjonen står at Noreg har «to offisielle språk», norsk og samisk. Faktum er at Noreg i dag har ei rekke språk som er omfatta av språklova: norsk, samiske språk, nasjonale minoritetsspråk og norsk teiknspråk.

Hovudspråket er norsk, der bokmål og nynorsk er likeverdige og jamstilte skriftspråk. Ytringsfridomskommisjonen omtaler derimot nynorsk og bokmål som «målformer», men omgrepet «målform» er altså ikkje lenger i bruk i lova.

Det finst fire samiske språk, som er klassifiserte som urfolksspråk.



**SKUFFA:** Åse Wetås meiner språk burde vore eit overordna tema i arbeidet til kommisjonen.

Foto: Oda Hveem

Deretter har ein dei nasjonale minoritetsspråka, kvensk, romani og romanes. Så har ein norsk teiknspråk. Alle desse språka har likeverdig status med norsk.

### Uopplyst og provoserande

– Kommisjonen omtaler omrent ikkje teiknspråk. Når det er nemnt, framstår det som eit «hjelpemiddel» for døve. Teiknspråk er anerkjent som eit språkleg og kulturelt likeverdig språk med norsk. At dei bommar på dette, verkar uopplyst og må framstå som provoserande for alle som har norsk teiknspråk som sitt førstespråk eller hjartespråk, seier Wetås.

– Brukarar av teiknspråk har store utfordringar i møte med digitaliseringa. Dei har mykje vanskelegare kår for å ytra seg enn dei fleste andre. Dette har likevel ikkje kommisjonen sagt noko om, legg ho til.

– *Kor mange er det som brukar teiknspråk i Noreg i dag?*

– Det nøyaktige talet har eg ikkje, men eit anslag er rundt 15 000. På storleik med ein liten norsk by.

### Digitale taparar

– *Det var særleg teknologi og digitalisering som var av interesse for den nye Ytringsfridomskommisjonen. Språk er heller ikkje nemnt i mandatet dei blei gitt. Kva vil du svara til det?*

– Språk burde som sagt vore ei overordna ramme. Når digitalisering var eit særleg fokus, er

det fleire ting dei kunne sett på. Det er store forskjellar i tilgangen på digitale ressursar for språka i Noreg. Nynorskbrukarar og brukarar av alle dei andre mindretalsspråka i Noreg er taparar i det digitale. Dei møter omrent berre bokmål. Desse forskjellane burde vore av interesse, svarar Wetås.

– Dei kunne også tatt opp at det framleis er store og små mediehus i Noreg som ikkje tillåt nynorsk i spaltene sine. Ei slik redaksjonell avgjersle er reint politisk. Hadde fråværet av nynorsk på redaksjonell plass vore grunngjeve i at mediehusa mangla kompetanse på å handtera nynorsk, ville det vore eit betre, men likevel dårlig argument. Det er rett og slett eit litt ubehageleg symptom at det er haldningar til språket vårt som får nokon til å ekskludera heile gruppen frå å ytra seg språkleg fritt.

### Insentiv til mangfold

– *Er det noko ein kan gjera med dette?*

– Me kan gje positive insentiv til større språkmangfold i privat sektor, men språklova kan ikkje formulera same typen pliktreglar overfor private og ideelle aktørar som dei som gjeld i det offentlege. Me må heller jobba for betre haldningar, og utdanna dyktige nynorskbrukarar innanfor mediebransjen. VG skal ha honnør for å fjerna nynorskforbodet sitt. La oss håpa andre følgjer etter.

VEMUND NOREKVÅL KNUDSEN  
vemund.knudsen@nm.no

Mellom 16. juni og 6. september fekk Noregs Mållag 302 591 kroner i gåve. Det er me umåteleg takksame for. Gåvene er veldig viktige bidrag til arbeidet vårt for å sikre nynorsk betre vilkår. Vil du gje oss ei gåve, set me stor pris på det. Bruk gjerne giroen som følgjer med avisa, eller vips eit valfritt beløp til 90540. Du kan også sende IVAR50, IVAR100, IVAR300 eller IVAR500 i ei tekstmelding til tlf. 2490. **Tusen takk!**

#### AUST-AGDER MÅLLAG

Sverre Aalvik  
Scott Aanby  
Lars Aasbø  
Rolf Fredriksen  
Ingunn Gjømle  
John Gustav Johansen  
Jon Kolbjørn Lindset  
Kåre Mogstad  
Rune Nylund  
Signe Alise Olstad  
Kari Hagelia Olstad  
Sigrid Bjørg Ramse  
Kari Gerd Riisland  
Olav Riisland  
Øystein Rød  
Johannes G. Torstveit  
Olav Vehus  
Jens Vellene  
Olav Torj Åkre

#### AUSTMANNALAGET

Brynjulf Aartun  
Peta Synnøve Austenå  
Ole Bjerke  
Eldrid Brandvol  
Jon Steinar Bredeveien  
Ivar Bungum  
Tove De Pasquale  
Ingvild Marie Eknnes  
Frøde Erstad  
Tordis Irene Fosse  
Kristin Fridtun  
Randi Therese Garmo  
Berit Gomnæs  
Paul Henrik Hage  
Odin Hagen  
Olav Haraldseid  
Magnhild Harsheim  
Gaute Elvesæter Helland  
Svein Johan Hellesøy  
Marit Hoff  
Bjarte Hole  
Ola Holen  
Helene Strand Johansen  
Per Rolf Johnsen  
Ola Jonsmoen  
Håvard Kleiven  
Ingrid Hanna Johanne Laugslet  
Gunnar Lien  
Asgeir Lilleås  
Asbjørn Myrvang  
Øyvind Nordli  
Jogrim Nordsletten  
Jørgen Norheim  
Odd Arne Nustad  
Jørgen Nørstegard  
Oddvar Romundset  
Magne Rydland  
Jakup Skjedsvoll  
Egil Skulerud  
Arne Skuterud  
Nils Steinar Slapgård  
Unn-Elisabeth Solhaug  
Inger Kirsten Stagrim  
Arne Sund  
Sverre Sørbo  
Reidun Ramse Sørensen  
Ola Tronsmoen  
Lars Ullgren  
Olav Veka  
Magne Velure  
Rune Øygard  
Rolv Kristen Øygard  
Bjarne Øygarden  
Reidar Åsgård

#### BUSKERUD MÅLLAG

John-Ragnar Kvam Aarset  
Niri Baklid  
Hallgrim Berg  
Karen-Margrethe Erlandsrud  
Ola Feten  
Ole Grov  
Sigrid Hjelmen  
Frode Kinserdal  
May Johanne Molund  
Gro Randen  
Anne-Line Ringhus  
Ola Ruud  
Kirsten Skarlund  
Kjell Snerte  
Sigrun Torsteinsrud  
Øystein Velure

#### FYLKESMÅLLAGET VIKVÆRINGEN

Bergfinn Aabø  
Solveig Fiskvik Aamodt  
Reidar Aasgaard  
Ruth Amdahl  
Børre Austmann  
Vebjørn Bakken  
Olav Befring  
Rakel Berge  
Anfinn Bernaas  
Reidar Bjørnerheim  
Reidar Borgstrøm  
Kari Hjørdis Brandal  
Jon Egil Brekke  
Alv Reidar Dale  
Harald Dyrkorn  
Tove Karina Eidhammar  
Thea Cecilie Engelsen  
Kirsten Osmo Eriksen  
Solveig Barratt Erstad  
Turid Farbregd  
Mona Evelyn Flognfeldt  
Liv Flugsrud  
Jon Folkedal  
Tor Fuglevik  
Ulrich Furthmüller  
Tor Gabrielsen  
Jostein Grønset  
Oddrunn Grønvik  
Gunnvald Grønvik  
Ellen Gulbrandsen  
Karl S. Halse  
Erik Hardeng  
Anna Sigridsdatter Heen  
Mildrid Helland  
Audun Heskestad  
Kjetil Torgrim Homme  
Andreas Hompland  
Johannes Hope  
Marit Hovdenak  
Olav Høgetveit  
Tormod Hallstein  
Høgåsen  
Lena Nakken Kallevik  
Jens Kihl  
Laurits Killingbergtrø  
Rønnaug Kleiva  
Harald Sverdrup Koht  
Bård Kolltveit  
Dagrun Kvammen  
Edvard Lauen  
Torhild Leira  
Tor Einar Ljones  
Trond Øivindsson Lunde  
Anders Lunnan  
Gro Lystad  
Sjur Magnus Låstad  
Eldrid Midttun  
Norvald Mo

#### PER HELGE MORK

Arnold Mundal  
Lars Helge Myklebust  
Finn Måge  
Johan Nedregård  
Øystein Njål Nordang  
Johan Petter Nystuën  
Torgeir Ose  
Svein Johann Ose  
Sylvi Penne  
Alain Egil Adrian Ramdal  
Yngve Rekdal  
Asbjørn Roaldset  
Gunnar Rusten  
Sølve Selsto  
Olav R. Skage  
Synnøve Skjong  
Charles Skorstad  
Arve Skutlaberg  
Sigrid Solheim  
Einar Strømnes  
Sissel I. Sæbø  
Jostein Tjøre  
Asbjørn Tolsrød  
Øystein Tormodsgard  
Steinar Tveitnes  
Johan Kristian Tønder  
Ivar Vasaasen  
Kjetil Vistad  
Maj Volden  
Per Ivar Vaagland

#### HORDALAND MÅLLAG

Per Aak  
Olav Aas  
Livar Aksnes  
Olaf Almenningen  
Solveig Almås  
Liv Ingrid Alvheim  
Dag Amundsen  
Arne Andersen  
Arnfinn Jørgen Ansok  
Erik Arneson  
Terje Aukland  
Anders Austefjord  
Erlend Bakke  
Einar Bardal  
Arlid Berge  
Marit Berge  
Veslemøy Bergo  
Eli Bergsvik  
Dagrun Berntsen  
Gunnar E. Bjotveit  
Solveig Bjørsvik  
Oddbjørn Borge  
Trond Botnen  
Arne Brattabø  
Jostein Brattabø  
Nils Georg Brekke  
Elfrid Brekke  
Reidar Bremerthun  
Endre Otto Brunstad  
Jostein Buene  
Reidar Dale  
Knut O. Dale  
Olav Digernes  
Kristian Djuvland  
Inge Draugsvoll  
Jenny Dugstad  
Torbjørn Dyrvik  
Jan-Egil Dyvik  
Randi Engelsen Eide  
Eli Roseth Eik  
Eirik Ingolf Eldøy  
Reidun Emhjellen  
Yngve Endal  
Brynhild Enerhaug  
Øystein Erstad  
Eldrid Midttun  
Jarle Fanebust

#### RUNE FJELD

Bergit Utne Fjelde  
Sverre Fjell  
Erling Fjærstad  
Tormod Folgerø  
Harald Frønsdal  
Mathias Furevik  
Knut Martin Fylkesnes  
Berly Mjøs Giljarhus  
Jostein Gimmetstad  
Hjalti Heimir Gistason  
Oddny Gjeråker  
Lars Gjøstein  
Endre Grutle  
Solveig Grønlien  
Lidvard Grønnevæt  
Torstein Gunnarson  
Jakob Terje Hansen  
Stanley Hauge  
Åshild Haukås  
Torbjørn Haukås  
Svein Heggheim  
Sigbjørn Heie  
Nils Helland  
Bjarte Helle  
Aslak T. Helleve  
Knut Johannes Helvik  
Ivar Hjartnes Henjum  
Jan Kåre Henriksbø  
Kåre Herfindal  
Robert Hermansen  
Kjartan Hernes  
Sigrid Hesthamar  
Eli Hillersøy  
Marit Hjartåker  
Annbjørg Rebbestad  
Hjellestad  
Liv Marit Ådnanes  
Hjelmeseter  
Kåre J. Hole  
Grete Oline Hole  
Ingunn Holmedal  
Karl Johan Holmås  
Karl Hope  
Arnfinn Hopland  
Nils Hovdenak  
Oddmund Hus  
Daniel Hydle  
Britt Høyland  
Geir Instanes  
Reidar Instanes  
Johanne Telnes Instanes  
Jan Kåre Jakobsen  
Anne Sofie Jensen  
Sniolvur Joanesarson  
Ingvild Jøsendal  
Randi Jåstad  
Folke Kjelleberg  
Olav Kobbeltveit  
Ståle Kolbeinson  
Anna Aakre Kråkevik  
Ane Landøy  
Terje Langhelle  
Caroline Lehmann  
Åsmund Lien  
Tormod Ljones  
Torun Lyssand  
Torstein Løning  
Frode Mannsåker  
Terje Melheim  
Tone Eitrheim Midtbø  
Leif Bjørn Monsen  
Lillian Morvik  
Bente Iren Moseng  
Jostein Mykletun  
Einar Myster  
Nils Mæhle  
Eldbjørg Møllerup  
Johannes A. Måge

#### BJØRG ODLAUG MÅGE

Marit Nedrelid  
Arne Olav Nilsen  
Helge Martin Nygård  
Egil Nysæter  
Nils Nyteit  
Odd Jørjan Oldervik  
Astrid Olsen  
Åse Opheim  
Anfinn Ottera  
Kjell Paulsen  
Johnny Ottar Pedersen  
Jan Reidar Rasmussen  
Arild Reigstad  
Astrid Oddbjørg Reigstad  
Berit Reinsaas  
Borgny Reisaeter  
Kjetil Revheim  
Wencke Vadseth Rickfelt  
Sverre Audun Rikstad  
Arnstein Ringheim  
Håkon Sagen  
Marit Sakstad  
Lars K. Sandven  
Helge Sandøy  
Heidi Seifaldet  
Torbjørn Seim  
Johannes H Sekse  
Mons Ole Dyvik Sellevold  
Bjarne Skarestad  
Olav Johannes Skeie  
Gunvald Skeiseid  
Gunnar Skirbekk  
Ingunn Skjelvan  
Arne Skjerven  
Bjarne Skjold  
Øystein Skjæveland  
Atle Skorpen  
Harald Skorpen  
Kari Smith  
Erling Småland  
Turid Solberg  
Brynhild Møllerup  
Solberg  
Anders Soldal  
Ragnhild Edith Solvang  
Halldis Spilde  
Idar Stegane  
Arjen L H Stolk  
Gerhard Inge Storebø  
Nelly Storebø  
Sverre Storøy  
Thea Sunde  
Rolf Sigmund Sunde  
Målfrid Sundvor  
Kurt Svensson  
Lars Børge Sæberg  
Ingebjørg Dønhaug Sæbø  
Leif Helge Særsten  
Olav Søfteland  
Ingebjørg Søreide  
Arne Søyland  
Øyvind Teigen  
Johannes Teigland  
Roald Erling Tjøre  
Britt Jorunn Tjøre  
Svanhild Toppe  
Johan Torekoven  
Kjell Torp  
Torgeir Torvik  
Erlend Trones  
Ragnhild Trøite  
Olaug Tveit  
Odd Tøndel  
John Gunnleiv Ulveseth  
Brit Valland  
Rigmor Nesheim Vaular  
Unni Urdal Vedå  
Kjersti Ingolfsdotter

#### VEVATNE

Jon O. Vevle  
Aud Liv Hole Vike  
Inger B. Vikoren  
Agnes Råket Vågslid  
Øyvind Wallentinsen  
Paula Ingelin Hermichen  
Øen  
Nils Ivar Østerbø  
Einar Øyre  
Magnus Malvin Adnanes

#### KARMSUND MÅLLAG

Magne Apeland  
Reidun Hebnes Berge  
Svein Ove Duesund  
Reidun Dyrseth  
Dorthea Sofie Eror  
Grete Fedøy  
Jørund Flesland  
Elling Hetland  
Olav Torfinn Jondahl  
Svend Kjetland  
Arne Langåker  
Gunn-Marit Lygre  
Marit Løvvig  
Lars Mo  
Lars Gunnar Oma  
Geir Ragnhildstveit  
Sigve Arthur Sakseid  
Trygve Sandvik  
Knut Selsaas  
Tor Sigurd Selvåg  
Olav Magne Skigeland  
Njål Steinsland  
Ernst Arne Sælevik  
Lars Sævereide  
Knut Tungevik  
Svein Terje Vestbø  
Einar Økland

#### NORDLAND MÅLLAG

Kåre Belsheim  
Jan Hana  
Tore Moen

#### NORDMØRE MÅLLAG

Aksel Aarflot  
Oddveig Olava Marie  
Øren Aldal  
Jon Kristian Aune  
Styrkår Brørs  
Leif Roar Bævre  
Liv Rigmor Flå<sup>2</sup>  
Eivind Hasle  
Sverre Hatle  
Johan Sigmund Heggem  
Sigrunn Helset  
Kari Sigrid Roset Holten  
Jon Samuel Håbrekke  
Marit Lesund  
Olav K. Lien  
Oddvar Moen  
Henry Opland  
Terje Ramsøy-Halle  
Rolv Sæter  
Elen Maria Todal  
Eirik S. Todal  
Per Utne  
Karin Vike  
Kirsti Orheim Ås

#### ROGALAND MÅLLAG

Gunnleiv Aareskjold  
Torstein Aartun  
Helge Alfvåg  
Sigmund Andersen  
Lars Egil Bakka  
Kristen Bakka

Bjarte Birkeland  
Ola Birkeland  
Trygve Brandal  
Geir Sverre Braut  
Jan Inge Buene  
Jan Egil Byberg  
Alf Jan Bysheim  
Berit Blikfagland  
Ellen Einervoll  
Lars Farkas  
Terje Fatland  
Eirik Daniel Fatnes  
Åse-Berit Fidjeland  
Ingrid Fiskaa  
Ingrid Gjesdal  
Rune Gramstad  
Sigve Gramstad  
Egil Harald Grude  
Vigdís Gullberg  
Inge Haugland  
Astrid Heigre  
Halvard Helseth  
Tom Hetland  
Rasmus Hidle  
Arna Høyland  
Anne Martha Kalhovde  
Tore O. Koppang  
Nils Ingvar Korsvoll  
Elseber Kronstad  
Reidar Kydland  
Hallgeir Langeland  
Mikkel Lid  
Signe Muladal  
Hildegunn Nesheim  
Knut Norddal  
Pernille Nylehn  
Ingvar Olimstad  
Inger Skretting Opstad  
Marit Osland  
Siri Ramsnes  
Dag Raustein  
Audun Rosland  
Magne A. Roth  
Liv Røysstad  
Atle Røe  
Torhild L. Rørheim  
Jostein Selvåg  
Turid Børteit Skjelstad  
Kari Skrettingland  
Wenche I. Sola  
Tom Soma  
Torgeir Spanne  
Hans Spilde  
Anna C. B. Steen  
Audun Steinnes  
Gaut Steiness  
Inga Stokka  
Olav O. Sukka  
Inge Kristian Sunde  
Odd Sigmund Sunnanå  
Brit Harstad Sværen  
Einar Sæland  
Stein Kjetilson Søyland  
Stein Kåreson Søyland  
Erling Thu  
Oddrun Tjeltveit  
Oddbjørn Tunheim  
Aslaug Marie Undheim  
Jone Vadla  
Rune Valestrand  
Ottar Vandvik  
Astrid Apalset Vassbø  
Arve Vedvik  
Audun Vevatne  
Klara Vik  
Atle Ingvar Vold  
Ketil Volden  
Viggo Østebø

**ROMSDAL MÅLLAG**  
Ingar Aas  
Henning Austigard  
Dagrun Gjelsvik Austigard  
Einar Baltzersen  
Leif Erik Bolso  
Einar Hestnes Dahle  
John Ekroll  
Maria Fjose  
Torhild Hanem  
Kåre Magne Holsbøvåg  
Liv Jordal Tangeen

Harald Krøvel  
Einar M Langset  
Per Løvik  
Gunnhild Austlid  
Oppigard  
Asbjørn Oterhals  
Knut Romestrand  
Alf Rønstad  
Arnt Øyvind Siem  
Sven Erik Skarsbø  
Oddmund Svarteberg  
Ingar Sveen  
Jorunn Valde  
Kjell Johan Vatne  
Kathrin Villa  
Roald Øygard

**SOGN OG FJORDANE MÅLLAG**  
Vemund Aartun  
Lise Aasen  
Inge Andersen  
Georg Arnestad  
Ragna Asperheim  
Emma Bale  
Bente Kvernevik Berstad  
Kjellaug Bjergene  
Ole Georg Blikås  
Eivind Brekke  
Gunhild Børtnes  
Tryggve Dyrvik  
Tor W. Eikemo  
Annbjørg Eikenes  
Solgunn Eikevik  
Kjell Erik Eldegard  
Eldbjørg Stegane Engebø  
Johannes Flaten  
Sverre N. Folkestad  
Jan Martin Frislid  
Rigmor Frøyen  
Siri Bente Fuhr  
Ottar Færøvik  
Asbjørn Geithus  
Håkon S. Giil  
Arne Gjeraker  
Magnhild Gravdal  
Kari Gravdal  
Dagfrid Grepstad  
Hilde Yndestad Halland  
Marit Henjum Halsnes  
Oddlaug Hammer  
Audun Hammer  
Margit Hovland Hamre  
Hans Haugen  
Bjarne Havro  
Per Heggdal  
Thor Hjørnevik  
Torbjørn Hoddevik  
Ragnar Hove  
Liv Husabø  
Målfrid Husnes  
Martha Systad Iden  
Øyvind Indrebø  
May Britt K. Indrebø  
Ingunn Kandal  
Bente Oddny Kandal  
Ingunn Maria Kjelstad  
Lars Kjøde  
Ola Kjørstad  
Kari Klingenberg  
Ragnhild-Lise Furnes  
Korsvoll  
Aage Kvendseth  
Liv Janne Kvåle  
Bjarne Kaarstad  
Øystein Lavik  
Hanne Kristin Meek  
Ljotebø  
Jon Ove Lomheim  
Rune Lotsberg  
Aud Jنسine Lunde  
Håkon Lundestad  
Svein Lundevall  
Pauline Midtun  
Terje Erik Moe  
Ragnhild Skogen Molde  
Johan Moldestad  
Kjell Mongstad  
Knut Ole Myren  
Kristian Nave  
Olav Nedrebø

Gunnvor Ness  
Jorunn Solheimslid  
Nilssen  
Astrid Marie Nistad  
Odd Njøs  
Stein Bugge Næss  
Per Scott Olsen  
Jon Ramstad  
Oddbjørn Ramstad  
Tordis Randmo  
Sigvor Rendedal  
Sæmund Kjetil Rindal  
Henning Leiv Rivedal  
Erna Romoren  
Bergljot Konglevoll  
Rysjedal  
Bjørn Rørtveit  
Steinar Rørvik  
Margot Sande  
Marta Kari Schawlann  
Håkon Sjåstad  
Anders Skarestad  
Einar Skeie  
Ingebjørg Skjerven  
Gudmund Smådal  
Synneva Kolle Solheim  
Kirsti Solheim Stegane  
Henrik Stokkenes  
Irene Stokker  
Magn Jarl Stubhaug  
Sigrid Svatfoss  
Jorunn Systad  
Gunnhild Systad  
Leiv Sølvberg  
Ståle Sørbotten  
Bjørn Sørheim  
Jakob Thingnes  
Rune Timberlid  
Ivar Jostein Tjugum  
Ragnhild Tveit  
Solrun Ullaland  
Oddfrid Vereide  
Jens Vestrheim  
Lars Øyvind Vikesland  
Oddhild A. Voll  
Jarl Yndestad  
Liv Østrem  
Magni Øvrebotten  
Vidar Åm

**SUNNMØRE MÅLLAG**  
Inger Aarflot  
Ottar Aashamar  
Hans Haugen  
Bjarne Havro  
Per Heggdal  
Thor Hjørnevik  
Torbjørn Hoddevik  
Ragnar Hove  
Liv Husabø  
Målfrid Husnes  
Martha Systad Iden  
Øyvind Indrebø  
May Britt K. Indrebø  
Ingunn Kandal  
Bente Oddny Kandal  
Ingunn Maria Kjelstad  
Lars Kjøde  
Ola Kjørstad  
Kari Klingenberg  
Ragnhild-Lise Furnes  
Korsvoll  
Aage Kvendseth  
Liv Janne Kvåle  
Bjarne Kaarstad  
Øystein Lavik  
Hanne Kristin Meek  
Ljotebø  
Jon Ove Lomheim  
Rune Lotsberg  
Aud Jنسine Lunde  
Håkon Lundestad  
Svein Lundevall  
Pauline Midtun  
Terje Erik Moe  
Ragnhild Skogen Molde  
Johan Moldestad  
Kjell Mongstad  
Knut Ole Myren  
Kristian Nave  
Olav Nedrebø

Gunder Runde  
Tor Henrik Ryste  
Magnar Rønstad  
Ingvar Røyset  
Lena Landsverk Sande  
Mariann Schjeide  
Else Synnøve Skarbø  
Jarle Solheim  
Endre Standal  
Asbjørg Oksavik Sve  
Per Svein Tandstad  
Anett Skorpen Tarberg  
Randi Flem Ulvestad  
Åse Irene Vestre  
Eldrid Vik  
Endre Vorren  
Sveinung Walseth  
Fredmøy Solny Wollen  
Knut Ytterdal  
Øyvind Østvik  
Kjell Arne Årseth

**TELEMARK MÅLLAG**  
Audun Aasmundtveit  
Helga Marie Asland  
Sveinung Astad  
Halgeir Brekke  
Olav Rune Djuve  
Tjøstov Gunne Djuve  
Gunhild T Dølen  
Per Engene  
Olav Felland  
Gunlaug Fjellstad  
Anne Karin Funner  
Jon Funner  
Asbjørn Gardsjord  
Oscar Johan Garnes  
Hans Magne Gautefall  
Asbjørn Nes Hansen  
Kristian Ihle Hanto  
Svanhild Haugen  
Knut T. Haugen  
Ragnhild Hovda  
Ingunn Hovde  
Øystein Høgetveit  
Margit Ims  
Jon Ingebretsen  
Bente Klokkhaug  
Tove Løyland  
Aud Manheim  
Sigrun Garvik Moen  
Hilda Helene Neset  
Jakob Olimstad  
Solveig Prestegard  
Olav Rovde  
Anne Ingebjørg Ruth  
Børre Rønningen  
Gunvor Solberg  
Margit Ryen Steen  
Tone O. Stuvrud  
Einar Leiv Søreide  
Olav Teigen  
Olav Teigland  
Tone Telnes  
Olav Tho  
Torkjell Tjønn  
Alf Torbjørn Tveit  
Kari Tveit  
Einar Versto  
Johan Vaa  
Åshild Wingereid  
Hans Ødegård  
Halvor Øygarden

**TROMS OG FINNMARK MÅLLAG**  
Per K. Bjørklund  
Terje B. Dahl  
Sveinung Eikeland  
Bjarne Eilertsen  
Torgeir Engstad  
Kjell Heggelund  
Olaug Husabø  
Astrid Kvangersnes  
Ellen Skjold Kvåle  
Tyra V. Mannsverk  
Reidun Mellem  
Oddrun Molvik  
Kjell-Per Nilsen  
Gerd Sivertsen Prestegard  
Guro Reisæter

Ingrid Russøy  
Guri Skeie  
Sunniva Skålnes  
Anne Marta Steinnes  
Grete Lien Stenvold  
Åse Utkilen  
Gunn Utkvitne

**TRØNDERLAGET**  
Reidar Almås  
Egil Ingvar Aune  
Randi Avelsgaard  
Håvard Avelsgaard  
Åse Irene Vestre  
Eldrid Vik  
Endre Vorren  
Sveinung Walseth  
Fredmøy Solny Wollen  
Knut Ytterdal  
Øyvind Østvik  
Kjell Arne Årseth

**VALDRES MÅLLAG**  
Kristine Brenden  
Olav Gullik Bø  
Inger Solveig Bø  
Ola Fosheim  
Margit Fuglehaug  
Ove Haugen  
Olaug Hjelleset  
Ingunn Hommedal  
Inger Torun Klosbøle  
Bjørg Lerhol  
Anders Lunde  
Torodd Lybeck

Nils Rogn  
Ragnhild Solberg  
Knut Tjelle  
Per Gunnar Veltun  
Berit Matre Ødegaard  
Ingebjørg Årseth

**WEST-AGDER MÅLLAG**  
Ragnar Alrek  
Tove Berulvson  
Torbjørn Birkeland  
Anne-Berit Erfjord  
Solveig Fidje  
Mari Fjordheim  
Fjermedal  
Betsy Folkvord  
Randi Lohndal Frestad  
Vigleik Fristad  
Elisabeth Geheb  
Øyvind Grov  
Berit Fiskaa Haugjord  
Magne Heie  
Kjell Erling Håland  
Ola Reidar Haaland  
Oddvar Jakobsen  
Åse Marie Leksbø  
Solveig Stallemo Lima  
Målfrid Lindeland  
Tom Arnt Lindeland  
Sylfest Lomheim  
Astrid Møen  
Gudlaug Nedrelid  
Terje Næss  
Nils Salvigsen  
Knut N. Skuland  
Birgit Stallemo  
Asbjørn Stallemo  
Leiv G. Storesletten  
Sven-Egil Testad  
Gunnar Vollen  
Ivar Åmlid

**ØSTFOLD MÅLLAG**  
Kjetil Aasen  
Asgeir Bjørkedal  
Eiliv Herikstad  
Benthe Kolberg Jansson  
Ragnhild Jervell  
Arne Kvernhusvik  
Per Thorvald Larsen  
Gunnar Ottne  
Halvor Bjørkum  
Rognrud  
Jørn Egil Zøllner

**YRKESMÅLLAG**  
Kjellfrid Bøthun  
Anne-Marie Botnen  
Eggerud  
Unni Eilefsen  
Møyfrid Engeset  
Elise Sundfør Erdal  
Anders Bøyum Halvorsen  
Rønnaug Kattem  
Kjell Harald Lunde  
Arne Exner Nakling  
Borge Otterlei  
Jon Ovrum  
Linda Plahte  
Olav Martin Synnes  
Lars Helge Sørheim  
Turid J. Thune  
Sigrid Tyssen  
Åshild Ulstrup  
Birger Valen  
Vidar Ystad

**BEINVEGES INNMELDE**  
Knut Følstad  
Egil Andreas Helstad  
Liv Marit Idsø  
Sverre Kulstad  
Magni Sandal  
Åse Floa Steinrud

- 1 Salmen har ei strofe som begynner slik: «Tidi ho renn som elv mot os, fort skifter sumar med vetter.» Kven var forfattaren?
- 2 Når fastsette Kulturdepartementet den gjeldande rettskrivingsnormalen for nynorsk?
- 3 Rasmus Flo og Arne Garborg la på slutten av 1800-talet fram ein eigen nynorsknorm som bygde på fjellbygdmåla på Austlandet. Kva er denne normalen kalla?
- 4 Kva år blei dronning Elizabeth II krona?
- 5 Kva tittel hadde Camilla før ho blei dronning av Storbritannia?
- 6 Kva nyttig kjemisk sambinding blir framstilt gjennom Birkeland-Eydeprosessen?
- 7 Kva norsk industriegigant blei grunnlagt som følge av forskingsresultata til Kristian Birkeland?
- 8 I den geologiske tidsrekninga høyrer vi i dag til epoken holocen. Når starta han?
- 9 Kor lenge varte den siste istida?
- 10 Vi diskuterer straumprisar så fullene fyk for tida, men når blei det marknadsbaserte prissystemet for straum innført?
- 11 Kva forskar med eit mykje bruk etternamn blir rekna som far til vekselstraumen?
- 12 Kva er den vanlege batteritypen i dagens el-bilar?
- 13 Kor stor del av personbilane som blei registrerte første gong i 2021, var reine elbilar?
- 14 Kva land har språka dari og pasjto som offisielle språk?
- 15 Kva by var endestasjonen for den opphavlege Orientekspressen frå 1883?
- 16 *Ringdrotten / Ringenes herre* har fått ein serieoppfølgjar i ei av strøymetenestene på fjernsyn. Kva heiter serien?
- 17 Kva arbeidde J.R.R. Tolkien som i yrkeslivet (sett bort frå den skjønnlitærare forfattarskapen)?

Sjette! Oxford

professor i gammalengelsk ved Universitetet i Cambridge

og tilsett som

17 Han var akademiker og tilsett som

16 Markens ringar

15 Konstantinopel

14 Afghanistan

13 65 prosent

12 Litium-ion-batteri

11 Nikola Tesla

10 1 1991

9 Om lag hundre tusen år

lagt 11 700 år sidan

8 Ved slutten av den siste istida før om

7 Norsk Hydro (Norsk Hydro-Elektrisk

nitrogenkoksid er også godt tilsvarende)

6 Salpetersyre (HNO<sub>3</sub>) – som igjen er

5 Hertigdøme av Cornwall

4 1 1953 (2. juni)

3 Midlandsnorrmælen

2 2012, han var gjeldande fra 1. august

er landet)

1 Anders Hovden (fjerde strøfa av «Fagaret



FÅR STIPEND: Synnøve Marie Sætre avfotografert med James K. Puchowski, som er vinnar av nynorskstipend i 2022.

Foto: Hege Lothe

## James K. Puchowski får nynorskstipend frå Mållaget

Han får stipendet for å laga ei **innføringsbok** for studentar om nynorsk og språkstoda i Noreg. Den førre boka om emnet vart laga for over 30 år sidan.

**HAN FÅR STIPENDET** for å laga ei innføringsbok for studentar om nynorsk og språkstoda i Noreg. Den førre boka om emnet vart laga for over 30 år sidan.

– Det er viktig å inkludera alle i nynorsken, og ei innføringsbok er ein døropnar til nynorsken, seier Synnøve Marie Sætre, fun-

gerande leiar i Noregs Mållag. Det var ei eiga høgtidleg utdeling av nynorskstipend på ei tilskiping på skrivarstova til Noregs Mållag.

James K. Puchowski er ein polskætta brite som kom til Noreg for å studera norsk. Der fann han nynorsken og vart styremedlem i Studentmållaget i Oslo. No jobbar Puchowski i London som universitetslektor (Lecturer) i norsk ved University College London der han underviser britiske studentar i norsk.

Puchowski har nettopp levert inn eit doktorgradsarbeid der han samanliknar språkstrid og språkaktivisme i Catalonia, Skottland og Noreg.

Han meiner at nynorsk må

visast fram som eit sjølvstendig og levande språk som alle kan læra uansett kvar dei er. Mange hjelpemiddel og ressursar har blitt skrivne for folk som har flytt til Noreg for å arbeida. Og det er diverse bokmål og austlandske, Oslo-nære dialektar som blir prioriterte når utlendingar lærer norsk.

Dette har James sjølv opplevd som student. Han meiner at situasjonen er irriterande og lett kan forsterke tanken hjå utlendingar om at det norske språket er monolittisk med viktige prestisjearvariantar. Boka går ut frå at både nynorsk og bokmål er språk med ein god del variasjon, valfridom, og stilistiske preg.

Noregs Mållag

## Unge kvenar vil ha offisielt kvensk namn på Oslo

Ungdomsorganisasjonen **Kvenungdommen** vil at hovudstaden også skal ha eit offentleg vedteke kvensk namn, og har bede Språkrådet om å hjelpe seg. Namnet kan då bli Uslu eller Ušlu.

– **VI HAR** fått eit offisielt kvensk namn på Noreg, Norja, og vi treng også eit offisielt kvensk namn på hovudstaden Oslo, skriv den kvenske ungdomsorganisasjonen Kvenungdommen – Kvääninuoret i ein e-post sendt til Språkrådet i fjor.

Det handlar om verdigheita vår, moglegheit til å delta i staten som likeverdige borgarar og revitaliseringa av det kvenske språket, står det i e-posten.

Pål Kristian Eriksen, seniorrådgivar for Kvensk stadnamneneste i Språkrådet, kan stadfeste at dei har hatt ein dialog med Kvenungdommen om namnesaka.

– Vi var først litt usikre på kvar vi står juridisk sett då dei tok kontakt med oss, fortel han til NRK.

Den kvenske stadnamnenesta arbeider i utgangspunktet med stadnamn innanfor det kvenske kjerneområdet. Derfor var dei usikre på om eit kvensk stadnamn



på Oslo var innanfor mandatet dei jobbar med.

– Men det ser lovande ut, kan han no seie.

Sidan Språkrådet også var med i arbeidet på å få vedteke eit offisielt kvensk namn på kongeriket, trur Eriksen at dei også kan vere med i prosessen for å vedta eit offisielt kvensk namn på hovudstaden.

Språkrådet har ikkje ei offentleg meinинг om namnet.

– Det er heilt umogleg å seie akkurat no kva namn det eventuelt blir. Det må gå gjennom fleire høyringsrundar, og vi må også diskutere det fagleg, seier Eriksen.



**Vinnarar av kryssord nr. 3, 2022:**

**Send løysinga til:**

Noregs Mållag  
Lilletorget 1  
0184 Oslo

**eller e-post:**  
norsk.tidend@nm.no

Heile kryssordet må sendast inn.

**Frist: 10. november**

Merk sendinga «Kryssord». Rett løysing kjem i neste utgåve. Tre vinnarar vert trekte ut og får ein fin premie.

**Namn :**

**Adresse:**

**Postnummer/-stad:**



Tenk om heile verda  
fekk straumen sin  
frå Wattn



Skann for å laste  
ned appen vår.

Eit litt annleis straumselskap frå TAFJORD, SFE, Tussa og Sognekraft. På lag med kvarandre, med deg, med ny teknologi og med jorda. **Positivt lada. Alltid.**



**MEIR SPRÅK:** «Me må rett og slett snakke meir om språk når me snakkar om ytringsfridom», meiner Målungdommen.

Illustrasjon: Framsida til rapporten til Ytringsfrihetskommisjonen.

# Ingen ytringsfridom utan språkfridom

I AUGUST LEVERTE Ytringsfrihetskommisjonen NOU 2022:9 *En åpen og opplyst offentlig samtale*, utan ei særskilt handsaming av dei språklege rammene for ytringsfridomen i Noreg. Tidlegare i dette bladet vert fleire av manglane kritiserte av Språkrådet, særleg reine faktafeil, men kritikken kunne vore mykje breiare. Me må rett og slett snakke meir om språk når me snakkar om ytringsfridom. Dette er nokre av dei tinga:

**Formelle hinder er svekte**  
Dei siste åra har fleire store medium mijukna opp forbod mot redaksjonelt innhald på nynorsk, og nettet har gjort det enklare og meir berekraftig å drive separate nyhende- og debattplattformer på mindre språk. Sjølv i Dagsrevyen er det enklare å nytte dialekt og samisk enn det var før berre nokre år sidan. Dei formelle hindera er svekte på fleire felt, og det vert stadig mindre stuereint med strukturell diskriminering av minoritets-språkbrukarar. Snart er det berre

Dagbladet att som kategorisk avviser nynorsk.

## Dei enklaste sigrane

Målørsla har vunne mange viktige sigrar mot dei formelle barrieraane, og skal vere godt nøgd med det. Samstundes er desse sigrane kanskje blant dei som er enklast å vinne, og enklast å måle. Den verkelege jobben kjem når hindera er i ferd med å forsvinne, i fasen der det finst høve, men ikkje føredøme. Då er det avgjerande at modige enkeltmenneske torer å gå først. Slik skapar ein aksept, og bles liv i eit miljø der det er heilt greitt, kanskje til og med attråverdig, å vere annleis.

For sjølv om strukturane endrar seg, er det ikkje sjølv sagt at dei tradisjonelt bokmålsstyrte media oppmodar korkje innendarar eller journalistar til å nytte språket dei sjølv føretrekker. Ein stor del av jobben med å nå gjennom i hovudstraumsmedia må nok, etter oppmjukingane, gjerast av dei som sjølv nyttar minoritetsspråka. Der staten likevel må ta grep, er i opplæring, utdanning

og tilgjengeleggjering av språka ein ikkje kjem over kvar dag, men som framleis er viktige for ein stor del av folkesetnaden.

## Mange spørsmål utan svar

Ein kjem seg aldri til punktet der ein torer å vere den første til å skrive nynorsk i Aftenposten eller til å tale samisk på Dagsrevyen, om ein ikkje har den språklege sjøvtilliten som trengst. Det kan vere ein hard kamp å nå fram dit, sjølv når me snakkar om språk som alt har stor utbreiing i Noreg, og rimeleg sterkt støtte av staten.

Kva så med dei mindre minoritetsspråka, og kva med alle dei som har eit heilt framandt språk som morsmål, og som vanskeleg kan ytre seg fritt i eit land som ikkje forstår kva dei seier? Korleis kan Noreg syte for at digitalisering ikkje vert ein hemsko, men heller eit grunnlag for styrking av språkmangfaldet vårt? Det er mange spørsmål som manglar gode svar i rapporten frå Ytringsfrihetskommisjonen.

JÓGVAN HELGE GARDAR  
skrivar i NMU



TOBIAS CHRISTENSEN  
EIKELAND  
*Leiar i Norsk Målungdom*

## Seine nynorsk-bøker, igjen, og von om språkansvar frå Google

**NO ER HAUSTEN** her, og fleire hundre tusen gamle og nye skuleelevar har begynt på skulen. I år er det to år (!) sidan dei nye læreplanane vart sette i kraft. Men i år, igjen, høyrer me at mange først får nynorskboekene mange månader etter skulestart. Det er heilt utruleg at dette framleis skjer, meir enn femti år etter at denne retten vart lovfesta. Det blir nærmast umogleg å vera nynorskelev når ein ikkje har lærebøkene sine på språket sitt. Stoda er like ille, om ikkje endå verre, for dei digitale læreremidla. Dei siste åra har skulen blitt meir og meir digital, men mange får likevel ikkje lesa nynorsk i dei digitale læreremidla skulen nyttar. Me krev at kunnskapsminister Tonje Brenna set krav til forlaga og gjer retten til læreremiddel på nynorsk til same tid til røyndom.

**SAMSTUNDENES VIL DET** denne hausten vera fleire elevar enn nokon gong som skal nytte Google sine skuletenester. Fleire og fleire skular nyttar Google Classroom, ei «alt-i-ett-løysing for undervisning og læring». Det er mange grunnar til dette, og me i Norsk Målungdom nyttar Google i det meste me driv med. Det er derimot eit stort problem med dette. Dei tilbyr ikkje nokon av tenestene sine på nynorsk, berre på bokmål. I tillegg har Google Docs såpass därleg stavekontroll – både på nynorsk og bokmål – at han fører til frustrasjon og vranglære.

**I AUGUST SKIPA** Språkrådet til eit møte med debatt om nordisk språktekhnologi. Der deltok mellom andre Sondre Ronander, PR-ansvarleg i Google. På vegner av barn og ungdommar i heile Noreg uttrykte eg kor skuffa me er er over det manglande språkansvaret hjå selskapet. Ronander var ikkje kjend med ordførarprotesten mot Google frå i fjar, men han var samd i at det ikkje var ein god situasjon på nokon måte.

**SJØLV VART EG** motivert av svara frå teknologigiganten, og eg har fått større von om at dei skjerpar seg. Men ingen kamp er vunnen enno, langt derifrå. I tida framover skal me møte Google og fremja krava våre. Vidare skal me jobbe med å få dei inn i den nye opplæringslova som skal vera på plass i 2024. Der må det vera krav til språkleg parallellitet hjå Google og andre teknologiselskap om dei skal tilby tenestene sine til norske skular. Eg håpar i allfall Google har fått ein dytt i riktig retning, og at dei tek med seg ein god og lærerik debatt vidare.

# Nye leseopplevingar frå Samlaget



«Snål og vakker [...] Motstrøms, gammelmodig og vakkert om ei hulder, en prest og en ensom fjellmann [...] noe helt for seg selv.»

Cathrine Krøger, *Dagbladet*




Eit psykologisk kammerspel i skjergarden av bestseljande forfattar, Agnes Ravatn.

I sal frå 30. september



Tragikomisk noir frå Finnskogen.

I sal frå 6. oktober




Ny praktbok om fleire av dei mest berykta og berømte vegane i Noreg.

I sal frå 27. oktober




«... en varm og bunnsolid utgivelse.»

Anna Serafima S. Kvam, *Stavanger Aftenblad*




Korleis gjekk det med dei? Eit hjarteleg gjensyn med menneska frå serien *Der ingen skulle tru at nokon kunne bu*.

I sal frå 26. oktober



Ny barnebibel med fleire historier om jenter og kvinner.

«... ei forrykande fargebombe»  
Vårt Land



Ein mann på tvers av si samtid.

Ved hjelp av ei rekke nye kjelder skildrar denne biografien eit uvanleg og fascinerande livsløp.



«Skal du bare lese én bok i år om å etablere seg på nytt i bygda der du vokste opp, må det bli denne.»

Knut Hoem, *NRK*

Samlaget.no

**Samlaget**

**ETTERLYSING – DAUD ELLER LEVANDE!** «Osterfjorden Mållag treng ny leiar - helst levande!». Det var overskrifta på etterlysinga Osterfjorden Mållag la ut på Facebook for ei tid tilbake. Me vonar dei har fått napp på utlysinga og finn seg ein leiar. Og som dei skriv – helst levande!

#### MÅLLAGET IVAR KLEIVEN OG DIKTARDAGANE:

Det lokale mållaget deltok på **Diktardagar i Vågå**, Lom og Skjæk, under overskrifta: Mat og målføre. I Vågå var det utstilling på biblioteket i samarbeid med Vågå bygdekvinnelag, om gamle og nye matoppskrifter, kjøkkenreiskapar og forkle. Mållaget stilte med kviss.

**STADNAMNTUR I VÅGÅ:** I juni hadde **Mållaget Ivar Kleiven** tur ved Tesse i Vågå. Det var ein svært vellukka tur med informasjon om gamle stadnamn, seternamn med meir, og sjølvsagt innlagt servering - den eine som ei overrasking og den andre planlagt, så alle var godt forsynte på alle måtar.

#### NYNORKSTAFETTEN TIL TELEMARK,

**HALLINGDAL OG VALDRES:** Nynorskstafett-bilen vert klargjort til tre veker på vegen i Telemark, Hallingdal og Valdres. Frå 31. oktober til 18. november skal **Noregs Mållag** og **Norsk Målungdom** besøke 15 kommunar. I løpet av desse dagane skal vi innom barnehagar, barneskular, ungdomsskular og vidaregåande skular, i tillegg til bibliotek, møte med ordforarar og møte med lokalt næringsliv. Så vert det også tid til å treffa lokale lokallag og medlemer.

**NY LEIAR I MÅLLAGET I KRISTIANSAND:** Anne Kari Slettan er ny leiar i Mållaget i Kristiansand i Vest-Agder Mållag.

**LEIARSAMLING PÅ SUNNMØRE:** Sunnmøre Mållag har samla lokallagsleiarane sine til samling laurdag 17. september på Hareid. Der tok dei opp aktuelle emne i regionen i tillegg til at fleire av lokallaga fekk i oppgåve å snakke om korleis dei arbeider med målsak i sitt lag.

**SAMLING I NORDKJOSBOTN:** Troms og Finnmark Mållag inviterte til seminar i Nordkjosbotn i Balsfjord laurdag 17. september. Hovudemnet for samlinga var å setje søkelyset på ulike sider ved dialektarbeid. Synnøve Marie Sætre, nestleiar i Noregs Mållag, deltok på vegner av Noregs Mållag. Det var også innlegg av **Tove Bull**, professor ved Universitetet i Tromsø, som snakka om nordnorske ord i folkeleg leksikografi, med ulike døme frå fleire lokale ordsamlingar. **Bror-Magnus Sviland Strand**, som nyleg disputerte på Universitetet i Tromsø, fortalte om doktorgradsarbeidet sitt om barn sitt leikespråk. Dessutan fekk seminardekkarane høre om ordsamlingar og ordbøker frå Vesterålen, Senja, Harstad og Balsfjord. Og det vart også godt høve til å lære frå kvarandre sine erfaringar.

**NY KONTAKTPERSON PÅ INDERØYA:** Inderøya Mållag har skifta kontaktperson. Den nye kontaktpersonen er **Inger M. Tronstad**.

**NYNORK INSPIRASJONSDAG I OSLO:** Tysdag 18. oktober vert det igjen nynorsk inspirasjonsdag på Det Norske Teatret. Inspirasjonsdagen rettar seg mot lærarar som skal undervise i og på nynorsk. Det er fylkesmållaget Vikværingen og lokale mållag som skipar til dagen.

#### OPE MØTE OM SPRÅKDELTE UNGDOMSSKULAR:

Onsdag 7. september inviterte Odda Mållag **Hege Bae Nyholt** (R), leiar i utdannings- og forskingskomiteen på Stortinget, til å kome til Odda for å få ei innføring i språkdelte ungdomsskular. Førre regjering har lagt inn i framlegg til ny opplæringslov at ein ynskjer å lovfeste retten til å få gå i eiga språkdelte klasser på ungdomsskulen. Også kunnskapsminister **Tonje Brenna** (Ap) har sagt at dette er ei sak som står sterkt hjå henne. Synnøve Marie Sætre deltok på møtet som fungerande leiar i Noregs Mållag.



Nye lokallagsleiarar og unge vaksne i Noregs Mållag samla på Skrivarstova.

Foto: Vemund Norekvål Knudsen

**MOTIVASJONSSEMINAR FOR NYE LOKALLAGSLEIARAR:** Den 9.–10. september møttest fleire nye lokallagsleiarar til motivasjonsseminar på skrivarstova. Det var to inspirerande dagar, der dei oppmøtte lærte om korleis drive lokallag og dei viktigaste målsakene no. Det var mellom anna innleiingar om korleis påverke politikk og om digitalisering i opplæringa, og sjølvsagt hyggeleg felles middag.

**MOTIVASJONSSAMLING FOR UNGE VAKSNE:** 10.–11. september var det godt oppmøte på motivasjonsseminar for unge vaksne i Noregs Mållag. Samlinga fann stad på skrivarstova. Det var innleiingar om boklova, ytringsfridomsrådet, språkaktivisme og samtale om å vere ung og fersk i målrørsla. Laurdagen blei avslutta med felles festmiddag.

**ÅSE WETÅS TIL HUSTADVIKA:** Romsdal Mållag og Hustadvika Mållag, inviterte Åse Wetås, direktør i Språkrådet, til Hustadvika bibliotek i Elnesvågen onsdag 7. september. Ho snakka om språklova og nynorsk, og særleg om det ansvaret kommunar og fylkeskommunar har for å vareta nynorsk språk.

**NY LEIAR I LÆRDAL:** **Magnar Ljøsne** har overteke som leiar i Lærdal Mållag i Sogn og Fjordane.

**LEIARSAMLING PÅ SUNNMØRE:** Sunnmøre Mållag samla heile ti lokallag og tjue deltakarar på lokallagsleiar samling laurdag 17. september på Hareid. Der tok dei opp aktuelle emne i regionen i tillegg til at fleire av lokallaga fekk i oppgåve å snakke om korleis dei arbeider med målsak i sitt lag. Magritt Jarlsdotter



Magritt Jarlsdotter Grimstad, nestleiar i Borgund Mållag, snakka om nynorsk i Ålesund i framtid.

Foto: Ingebjørg Røyhus Øyehaug

Grimstad, nestleiar i Borgund Mållag, hadde ei engasjerande og nytig innleiing om nynorsk i nynorsk-kommunen Ålesund med attersyn, erfaringar til no og tankar om framtida etter at Haram går ut.

HEGE LOTH  
hege.lothe@nm.no



**LESESTUND FOR BORN:** Hareid Mållag og Hareid folkebibliotek inviterer til lesestund for born kvar laurdag klokka 12. På laurdagen midt i september var det Erlend Friestad, leiar i Hareid Mållag, som las for borna.

Foto: Ingebjørg Røyhus Øyehaug

# KRAMBUA

**Paraply.** Samanleggbar liten paraply med oransje logo. **Kr 390,-**

**Cirkle K-krus** inkludert kaffiavtale. Termokrus som gjev deg gratis kaffi på alle Cirkle K-stasjonar ut 2022. **Kr 349,-**

**Berenett.** I bomull. Bli synleg i trafikken! **Kr 45,-**

**Fat.** Stilsikker logo på stilsikkert fat frå Verde-serien til Figgjo. Høveleg til både grill- og jolemat. Diameter 20 cm. **Kr 200,-**

**Notatbok.** «Gjennom ord blir verda stor». **Kr 180,-**

**Pennal.** Med teksten: «Skriv nynorsk». **Kr 75,-**

**Krus.** «Nynorsk til meg, takk!» på Verde-koppen frå Figgjo og formgjevar Johan Verde. Ein klassikar med klassisk slagord! **Kr 200,-**

**TILBOD! Fat + krus.** **Kr 330,-**

**Krus** med trykket: *Det går mangt eit menneske og ser seg fritt ikking for Ivar Aasens skuld.* Tarjei Vesaas, 1950. **Kr 180,-**

**Krus** med trykket: *Skogen stend, men han skifter sine tre.* Olav H. Hauge, 1965. **Kr 180,-**

**Bagasjelapp** med logo og fotografi. **Kr 60,-**

**Ostehøvel i stål, oransje,** frå Bjørklund. **Kr 200,-**

**Ostehøvel i stål, matt svart,** frå Bjørklund. **Kr 200,-**

**Jakkemerke**  
«NyNorsk»  
«Slepp nynorsken til»  
«Gjennom ord blir verda stor»  
«Takk, Ivar Aasen!»  
**Kr 10,- per stk., kr 50,- for 20 stk.**

**Aasen-panneband** i ull. **Kr 200,-**



Send e-post med tinging til **krambunga@nm.no**, ring til **23 00 29 30**, eller gå inn på **www.nm.no**. Sjå innom heimesida for andre tilbod.

Hugs at vi kan gå tom for somme artiklar. Det er såleis ikkje sikkert at du får alt du tingar.

Porto kjem i tillegg til prisane vi har gjeve opp her.

# To nye tilsette i Noregs Mållag

**8. AUGUST BYRJA** to nytilsette i Noregs Mållag. **Frida Pernille Mikkelsen** er tilsett som politikk- og kommunikasjonsrådgjevar. **Vemund Norekvål Knudsen** er tilsett som redaktør i Norsk Tidend og politisk rådgjevar.

– Det er gjevande å få arbeide vidare for ei så viktig sak som målsaka, seier Frida Pernille Mikkelsen.

Ho er 25 år og kjem frå Førde i Sunnfjord. Ho kjem frå vervet som leiar i Norsk Målungdom, der ho også tidlegare har vore dagleg leiar og sentralstyremedlem. Ho har ein bachelor i offentleg administrasjon og leiing ved Universitetet i Oslo.

Vemund Norekvål Knudsen er 25 år og kjem frå Stavanger. Han er nyutdanna med mastergrad i Nordisk språk og litteratur ved Universitetet i Bergen. I studietida var han redaktør i tidsskrifta *Røyst* og *Prosopeia*, og har tidlegare vore fylkessekretær i AUF i Rogaland.

– Eg ser fram til å få arbeide med språkpolitikk og utvikle medlemsbladet Norsk Tidend, seier Vemund Norekvål Knudsen.

– Me er glade for å få to dyktige og unge medarbeidarar som skal vere med å bygge Mållaget til ein større og meir slagkraftig organisasjon, seier Synnøve Marie Sætre, fungerande leiar i Noregs Mållag.

HEGE LOTHE  
[hege.lothe@nm.no](mailto:hege.lothe@nm.no)



Frida og Vemund er motiverte for ny jobb, og for å vere med på å ta Noregs Mållag vidare.

Foto: Hege Lothe



## Ny organisasjonssekretær i Hordaland Mållag

**SAHRA TORSVIK ER** blitt tilsett som ny organisasjonskonsulent i Hordaland Mållag i ei 60 % stilling. Før ho byrja i Mållaget, arbeidde ho på Fjell festning i Museum Vest. Ho har vore i Museumsbransjen i 11 år. Som del av stillinga skal ho også arbeide med skulemål.

Vi ber lokallaga ta kontakt om det er noko dei lurer på.

Sahra kan bli nådd på [sahra.torsvik@maallag.no](mailto:sahra.torsvik@maallag.no).

Sahra er klar for å hjelpe lokallaga til å jobbe for nynorsk i Hordaland.

Foto: Privat

# Ny skrivar i Målungdommen

**JÓGVAN HELGE GARDAR** byrja som skrivar i Målungdommen 6. september i ei 100 % stilling. Han er 25 år og studerer juss ved Universitetet i Bergen, der han har budd i 6 år.

Han blei verva til Målungdommen i 2012 då han var elev ved Elvebakken vidaregåande skule.

– Det var ei generell interesse for språk og det at samskipnaden vernar om verdiar eg deler, som gjorde at Målungdommen slo an hos meg, seier Jógvan.

Som student i Bergen har han vore leiar for Studintersamfunnet og dagleg leiar av Det Akademiske Kvarter. Han har også «vore innom» Juristmållaget i Bergen, men korona sette ein stoppar for den sosiale aktiviteten der.

– Eg ser fram til å få kombinert interessa mi for språk, målsaka og organisasjonsliv i jobben som skrivar i Målungdommen, seier Jógvan.

Med Jógvan med på laget, er det no tre tilsette i Målungdommen.

VEMUND NOREKVÅL KNUDSEN  
[vemund.knudsen@nm.no](mailto:vemund.knudsen@nm.no)



Jógvan Helge er strålende nøgd og glad for å ta kampen for språkrettane til unge i heile landet.  
Foto: Vemund Norekvål Knudsen

# NOREGS MÅLLAG ADVENTSKALENDER 2022



Kr 100,-



DATO	VINST	VERDI	TAL	VINNARNUMMER
1.des	Sekk, vasstett	1000,-	4	
2.des	Hals	95,-	10	
3.des	Matboks	85,-	10	
<b>4.DES</b>	Ostehøvel, stål	250,-	10	
5.des	Kopp: Nynorsk til meg, takk!	200,-	10	
6.des	Notatbok – svart	180,-	10	
7.des	Kortstokk	75,-	10	
8.des	Skuggelue	115,-	10	
9.des	Ostehøvel, oransje	200,-	10	
<b>10.DES</b>	Krus/Asjett: Nynorsk til meg...	400,-	10	
11.des	Smykke: Kjærleik	600,-	10	
12.des	Ertepose-spel	950,-	10	
13.des	Gåvekort Det Norske Teatret	500,-	10	
14.des	Smykke: Nynorsk	600,-	10	
15.des	Kopp: Skriv nynorsk	290,-	10	
16.des	Pennal: Skriv nynorsk	75,-	10	
17.des	Krus: Skogen stend...	180,-	10	
<b>18.DES</b>	Krus: Det går mangt eit...	180,-	10	
19.des	Kopp: Kjærleik	290,-	10	
20.des	Paraply	320,-	10	
21.des	Rørosplesedd, grått	1950,-	2	
22.des	Ti helsingeskort	149,-	10	
23.des	Rørosplesedd, oransje	1950,-	2	
24.des	Gåvekort Hurtigruta	8000,-	2	

## ADVENTSKALENDER 2022

Inntekta frå denne kalenderen går til lokalt og sentralt arbeid for nynorsk. Kvar kalender er med i trekninga om til saman 210 vinstar med ein samla verdi på kr 85 140,-. Pris pr. kalender er kroner 100,-. Lotteriløyve er gjeve av Lotterivilsynet.

### SLIK VENN DU

I kvar luke er det eit vinstnummer. Om du finn dette nummeret i vinstlista for den aktuelle dagen, har du vunne. Vinstnummeret må vera på rett dato for å gje vinst. Det er råd å vinna fleire vinstar på same kalender.

### HAR DU VUNNE?

Kalenderen må vera utfylt med namn, adresse, telefonnummer og vinnardato. Luka med vinstnummeret må vera med for kontroll. Vinsten vert sendt når kalenderen er kome Noregs Mållag i hende.

NAMN:

ADRESSE:

POSTNR./-STAD:

TELEFON:

VINNARDATO:

Send til Noregs Mållag, Lillelørtorget 1, 0184 Oslo

Det er gjeve løyve til å selja 3000 kalendrar. Salsperioden er frå 1. september 2022 til 24. desember 2022. Frist for å senda inn vinnar-

kalender er 24. mars 2023. Vinstar som ikkje er henta ut innan fristen, går til lotterivilemålet.

Nummeret til Hjelpeinja for speleavhengige er 800 800 40.

Leverandør er K. Aspelund AS, tlf. 22 70 90 60, www.aspelund.no.

Illustrasjon: Solveig Muren Sanden/Norsk Barneblad

# MÅLLAGET INFORMERER

## VERVEHAUST

Me har lagt bak oss den store vervedagen laurdag 1. oktober, som sparka i gang vervehausten. Frå 1. oktober gjeld nemleg innmeldingar også for heile 2023. Innmeldinga kostar berre 200 kroner. Tradisjonelt er dette den beste tida på året for å verve nye medlemer.

Me vonar at den store vervedagen vart eit skikkeleg fråspark i vervearbeidet, og at lokallag og medlemer brukar hausten til å verve mange nye til Mållaget. Ta kontakt om de vil ha tilsendt vervemateriell. Ein kan sjølvsgå også verve folk via Facebook og andre sosiale medium.

For at nynorsk framleis skal vere eit levande bruksspråk i framtida, treng me at så mange som mogeleg står seg bak det politiske arbeidet som skal til. Mange medlemer gjev Mållaget større gjennomslagskraft og sikrar oss ein betre økonomi.

Ein vert medlem på [www.nm.no](http://www.nm.no). Bli med!



## VERVETEVLING: BLI BESTE LOKALLAG!

I år planlegg me vervetevling mellom lokallaga. Dei 20 laga som får flest heilt nye medlemer, vinn ein bokpakke, og ikkje minst heider og ære! Medlemene må ha betalt på slutten av året for å telje, og laga vil få jamlege oppdateringar på korleis dei ligg an. Dette var stillinga då Norsk Tidend gjekk i trykken 29. september:

Lokallag	Nye medlemer
Oslo mållag	36
Bergen Mållag	20
Kvam Mållag	13
Borgund Mållag	12
Giske Mållag	12
Hå Mållag	10
Lista Mållag	9
Løvebakken Mållag	8
Nidaros mållag	7
Vinje Mållag	6
Volda Mållag	6
Bømlo Mållag	5
Herøy Mållag	5
Odda Mållag	5
Tromsø Mållag	5
Ulstein Mållag	5
Voss Mållag	5
Bjørnafjorden Mållag	4
Jæren Mållag	4
Nissedal Mållag	4
Sandefjord og Sandar Mållag	4
Stavanger Mållag	4

## FØREHANDSTINGING AV ADVENTSKALENDAR

Det vert jul i år òg, og me lagar adventskalendrar der ein kvar dag kan vinne fine vinstar. Kalenderen har illustrasjon av Solveig Muren Sanden. Lokallaga våre kan kjøpe kalendrar til 50 kroner per stk, og selje dei vidare for 100 kroner. Ein god måte å tene nokre kroner på. Me ynskjer oss så mange førehandstingingar frå lokallaga som mogeleg, slik at me kan justere opplaget etter det. Laga får kalendrane tilsende i oktober, og uselde kalendrar kan sendast attende til oss. Send tinginga til [per.arntsen@nm.no](mailto:per.arntsen@nm.no).

## HAUSTSEMINAR I OSLO

Mållaget inviterer til haustseminar i Oslo fredag 21. oktober og laurdag 22. oktober. Haustseminaret er ope for alle og tek opp aktuelle politiske saker denne hausten og førebuing til lokalvalkamp neste år. Det er eit godt høve til å få ny kunnskap og møte målfolk frå heile landet.

## LANDSRÅDSMØTE

Det vert samling av landsrådet til Noregs Mållag frå laurdag 22. oktober til sundag 23. oktober. Rådet er sett saman av alle leiarane i fylkesmållaga, representantar frå Norsk Målungdom og styret i Noregs Mållag.

## VINTERSEMINAR I ÅLESUND

Mållaget inviterer til Vinterseminar i Ålesund laurdag 28. januar og sundag 29. januar. Viktige emne er nynorsk i Ålesund, lokalvalkamp og ny opplæringslov. Alle er velkomne!

### Tilsette:

**Gro Morken Endresen**,  
dagleg leiar,  
tlf. 23 00 29 37 • 95 78 55 60,  
[gro.morken@nm.no](mailto:gro.morken@nm.no)



**Erik Grov**, organisasjonskonsulent,  
tlf. 23 00 29 30, [erik.grov@nm.no](mailto:erik.grov@nm.no)

**Per Henning Arntsen**, økonomikonsulent,  
tlf. 23 00 29 35, [per.arntsen@nm.no](mailto:per.arntsen@nm.no)

**Ingar Arnøy**, skulemålsskrivar,  
tlf. 23 00 29 36 • 97 52 97 00,  
[ingar.arnoy@nm.no](mailto:ingar.arnoy@nm.no)

**Hege Lothe**, informasjons-  
og organisasjonskonsulent,  
tlf. 92 64 83 48, [hege.lothe@nm.no](mailto:hege.lothe@nm.no)

**Vemund Norekvål Knudsen**,  
redaktør og rådgjevar,  
tlf. 97 68 43 99 • 23 00 29 32  
[vemund.knudsen@nm.no](mailto:vemund.knudsen@nm.no)

**Frida Pernille Mikkelsen**,  
politikk- og kommunikasjonsrådgjevar,  
tlf. 48 24 87 47 • 29 00 29 34  
[frida.mikkelsen@nm.no](mailto:frida.mikkelsen@nm.no)

## NORSK MÅLUNGDOM

[malungdom.no](http://malungdom.no)

**Skrivar**: Jógvan Helge Gardar  
E-post: [jogvan@malungdom.no](mailto:jogvan@malungdom.no)  
Telefon: 95 07 88 18

**Kontormedarbeidar**: Olav Wixøe Svela  
E-post: [kontor@malungdom.no](mailto:kontor@malungdom.no)

**Tilskrift**: Lilletorget 1,  
0184 Oslo  
Telefon: 97 34 28 64  
E-post: [norsk@malungdom.no](mailto:norsk@malungdom.no)

**Kontonr.**: 3450.65.48707

**Leiar**: Tobias Christensen Eikeland,  
Telefon: 94 89 49 69,  
E-post: [tobias@malungdom.no](mailto:tobias@malungdom.no)



Prent: Amedia Trykk  
Opplag: 14 600  
Abonnement: kr. 250,- per år

Annonesar:  
Annonsepriser: kr 9,00,-/mm  
Tillegg for tektside: kr 0,50,-/mm  
Spaltebreidd: 45 mm  
Kvartsida: kr 3 000,-  
Halvsida: kr 5 000,-  
Heilside: kr 9 000,-  
Ilegg til avisat: kr 1,00 pr. stk.

Alle prisar er eks. mva. Ved lysing i fleire nummer kan vi diskutere særskilde avtalar.

Stoffrist nr. 5:  
**10. november**

## NOREGS MÅLLAG

[nm.no](http://nm.no)



### Tilskrift:

Lilletorget 1,  
0184 OSLO

**Telefon**: 23 00 29 30

**E-post**: [nm@nm.no](mailto:nm@nm.no)

### Kontoradresse:

Lilletorget 1, 0184 OSLO

**Kontonr.**: 3450.19.80058

**Leiar**: Peder Lofnes Hauge  
95 12 26 89 / [peder.hauge@nm.no](mailto:peder.hauge@nm.no)

**Nestleiar**: Synnøve Marie Sætre  
92 69 53 30 / [synnove.setre@nm.no](mailto:synnove.setre@nm.no)

Returadresse:  
Noregs Mållag  
Lilletorget 1  
0184 Oslo



Nr. 4 • oktober 2022

# Norsk Tidend

Framhald av **Fedraheimen** og **Den 17de Mai**

Målfolket vil ikke forstå, at det hjelper ikke vår ungdom, som må søke til fremmede lande, det gran, om vi kommer der i nasjonaldrakt med blomstermalet nistebomme og vårt beste sondags smil, når vi bare er perfekt i landsmål. Det er kundskaper i engelsk, fransk, tysk og spansk som forlanges, med landsmålet op når vi allerhøist plass som klovn ved et cirkus.

**Frå Romsdals Budstikke,**  
**1. september 1922**

Hvad er det som gjør at våre landdistrikter går Molde forbi? En av årsakene er den riksmålsfanatisme som landbefolkingen med rette eller urette frykter i Molde. Man har i frisk minne komedien fra en 17. mai-fest, hvor en taler (nettopp en av gymnasets lærere) ikke fikk lov å holde talen på landsmål, selvølgelig fordi at dette ikke kunde fordøies av sterke krefter i Molde by. [...] I Volda har elevene fritt valg, og vår bondebefolkning tåler som bekjent ikke noget riksmålsnobbere.

**Frå Romsdals Budstikke,**  
**12. august 1922.**

**Saka gjeld kvifor Volda gymnas uteksaminerte 40 elevar og Molde gymnas berre 2.**

Som ethvert nogenlunde oplyst menneske vet, er det norsk-danske sprog innført her i landet ved magtbud og tvang. Og det er ved magtbud og tvang at det holdes oppen den dag idag. Den dag at det ikke lenger har hele rikets administrasjon, alle offentlige skoler o.s.v å støtte seg til, var dette sprogs magtstilling brutt på en forholdsvis kort tid. Det kunde f.eks aldri kjempe sig frem gjennem den kamp som det norske folkemål har kjempet seg gjennem nu i 60 år.

**Haalogaland, 11. august 1922**

Altsaa mit forslag til høstens valg gjelder det først og fremst for kandidatene at bruke landsmål i munnen og ved pennan og paa hodet blir symbolet rød toplue. Farven på luen skulde vel gjøre sit til at vor valgliste faar tilslutning ogsaa fra Moskva.

**Agderposten 8. august 1922,**  
**lesarbrev signert Gamle-Ola**

*Me hentar olje frå botn av Nordsjøen, det er klart me kan fiksa nynorske læremiddel om me vil.*

*Edmund Austigard  
til Norsk Tidend*

## PÅ TAMPEN



# Sensitivitetslesarar og sensitive lesarar

**SOM REGEL ER** det til sommar blei eg intervjuat Vårt Land om kva eg tykker om sensitivitetslesarar. Saka kom som fylge av eit utspel frå ein forfattar som meinte at me burde nyitta meir av det i norsk litteratur. I utgangspunktet er eg einig, ein kjem jo jamleg over norske romanar som lyser av stereotypiar. Sjølv nyitta eg meg av det då eg skreiv *Det er lenge til skumring*, med samisk hovudperson. Me fekk inn det me kalla ein samisk konsulent til å sjå på manuset mitt.

**EIT AV POENGA** mine i saka er at ordet sensitivitetslesar ikkje egnar seg for å skildra arbeidet konsulenten faktisk gjer. Ordet sensitiv antydar au at det er nokon som er sensitive, altså at reaksjonen på noko ikkje kjem av at det som er skrive er diskriminerande, men at den som blir diskriminert kjenner seg krenka av di personen er sensitiv. Dette er problematisk.

**VÅRT LAND INTERVJUA** tre andre forfattarar i tillegg til meg, der to var veldig skeptiske til sensitivitetslesarar, me andre var positive. Det slo meg at ein av forfattarane som var skeptisk, fekk tilbakemelding på manusa sine om flyktningar frå folk han intervjuat til research. Den andre forfattaren, som au er redaktør, meinte at forlag allereie nyttar ei form for sensitivitetslesar, når ein skal nå ei bestemt gruppe, men at me skal vera vare på å tilsetta nokon som har det som oppgåve at ingen blir såra. Det er eg einig i, og det viser igjen kor problematisk ordet sensitivitetslesar er, då det ligg i ordet at nokon er kjenslevare.

**SIDAN ALLE FORFATTARANE** hadde kvar sin definisjon av sensitivitetslesar, las eg ei føregåande sak der Vårt Land hadde intervjuat forlag om det same. Somme av forlaga brukar allereie

sensitivitetslesarar, medan andre igjen er skeptiske, likevel nyttar dei fleste seg av konsulentar med ekspertise innan eit felt om det er behov for det.

**DEN ANDRE DELEN** av ordet, -lesar, er au problematisk. Det er ikkje mange yrkestilar i Noreg som sluttar med -lesar, men ein av dei me nyttar mykje av i litteraturen er korrekturlesar. Ein korrekturlesar har som jobb å lesa gjennom ei tekst og gje tilbakemelding om stavfeil, teiknettingsfeil og liknande. I mellom kan ein forfattar argumentera seg til bevisste teiknettingsfeil eller nyord, men korrekturlesaren sit med fasiten på kva som er rett og gale når det gjeld språket. Det seier seg sjølv at ein sensitivitetslesar ikkje kan ha same makt som ein korrekturlesar, denne må ha ein rådgjevande funksjon, der forfattar kan velja om dei ynskjer å ta råda til fylgje eller ikkje. Det er difor forlag stort sett kollar innleide ekspertar for konsulentar, av di det ligg i vår felles tolking av ordet konsulent at denne har ein rådgjevande funksjon.

**ME KALLA KONSULENTEN** til *Det er lenge til skumring* for ein samisk konsulent av di eg likar å vera presis. Men vil ein på død og liv ha eit samle-ord som tilsvrar det amerikanske Sensitivity Reader, føreslår eg diskrimineringskonsulent. Det finst allereie høve i språket vårt i yrkesittel, som i Diskriminering- og likestillingsombod. Ordet diskriminering er langt tyngre enn sensitivitet, og eg vil tru dei fleste konsulentar tenker seg godt om når dei tilrår endringar i eit manus, dette er med på å ta vare på yttringsfriheten. Sjølv sagt er diskrimineringskonsulent berre eit forslag – har du eit betre eit, spel det gerje inn!

THARANIGA RAJAH